

English summary

Language doing the splits

In 2014 Facebook climbed to the top of the statistics as the largest media channel in Norway for the first time. Facebook is more used than traditional media, like the television channel NRK 1 and the newspaper VG. Facebook is also the only channel in top ten without an editor and where the users themselves produce (and share) the content. At the same time, experts on global media claim that Facebook is the most powerful media channel in the world.

One of the things pointed out in this master's thesis, is that it *seems* common among young Norwegian Facebook users to choose Norwegian dialects as their most preferred written language, rather than traditional, standardized language. This notion is widely discussed among teachers, parents and the users themselves. But *how common* is it really, and what are their reasons for choosing to write Facebook messages in dialect? This work is based on 142 informants, all high school pupils aged 18–20, from the West Coast, in the four counties Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland and Rogaland. The main focus was to ask them why they prefer to use dialect and in which, if any, other contexts, i.e. SMS, schoolwork, e-mail, applications, and so on, they also prefer to use dialect.

The result of the study shows that Facebook is an important channel for the pupils. All the informants have a Facebook profile, and 90 percent of them use Facebook on a daily basis. A majority uses Facebook more than five times daily, and three out of four use dialect. This was a higher result than expected. The main reason for using written dialect is *not* that «everyone else does it», but rather: «because this is how I speak».

Norway has not only a large and thriving variety of spoken dialects, but also two standards of written Norwegian: Bokmål and Nynorsk. The majority of informants in this study have Nynorsk as their first language, while the dialects spoken in the four counties differ in many ways and on many accounts.

Although the Language Council of Norway is currently responsible for both planning and maintaining the principles of codifications in both Nynorsk and Bokmål, Nynorsk was originally established as a written language by the Norwegian linguist Ivar Aasen (1813–1896) based on the foundational elements in the variety of dialects spoken in Norway. One could imagine that the pupils choose dialect because they find the grammar in Nynorsk or Bokmål confusing or difficult. Based on the findings in this thesis, however, this can not be claimed to be the case, although the informants with Nynorsk as their first language responded to find the Nynorsk grammar more difficult than Bokmål.

The majority of the informants do not use dialects on all Internet-domains. Also, there are sound arguments as to not seeing all Internet-based forms of communication as homogenous. The pupils use dialect on SMS and social media, like Facebook, Snapchat and Instagram, but not in e-mails, neither in discussions in online newspapers or blogs, and rarely in job applications and schoolwork. It seems that the nature of social media, dialogues written in a quick manner, informal context and heavy use, prepares the ground for dialect as a new standard of writing.

1.0 Innleiing

- 1.1 Bakgrunn
- 1.2 Avgrensing og problemstilling
- 1.3 Hypotesar

2.0 Teoretisk tilnærming: om vårt skriftspråk

- 2.1 Skriftspråk og talemål i Noreg
- 2.2 To skriftspråk i Noreg. Historiske grunngevingar.
- 2.3 Nynorsken på Vestlandet
- 2.4 Faste og lause normer
- 2.5 Kva er dialekt?
- 2.6 Digitalt språk som identitetshandling
- 2.7 Eit eige nettspråk?

3.0 Internett og sosiale medium

- 3.1 Kva er sosiale medium?
- 3.2 Digital literacy

4.0 Vitskapsteoretisk metode

- 4.1 Kvalitativ eller kvantitativ metode?
- 4.2 Reliabilitet og validitet
- 4.3 Utvikling av spørsmål og spørjeskjema
- 4.4 Innhenting av data i undersøkinga
- 4.5 Utval og representasjon
- 4.6 Anna forskning på Facebook-språket

5.0 Presentasjon av datamaterialet

- 5.1 Om respondentane
- 5.2 Bruken av Facebook
- 5.3 Språket på Facebook
- 5.4 Dialekt på andre skriftdomene
- 5.5 Rettskriving i nynorsk og bokmål
- 5.6 Synet på eige talemål
- 5.7 Krystallkula
- 5.8 Kvar bur dei nynorskskrivande?
- 5.9 Er det skilnad på nynorskskrivarane og bokmålsbrukarane?
- 5.10 Samanheng mellom dialektkriving og dei som snakkar dialekt frå heimstaden
- 5.11 Samanheng mellom bruk og snakkeskriving
- 5.12 Skilnad på kvinner og menn
- 5.13 Svar og variablar som er valde vekk
- 5.14 Oppsummering

6.0 Drøfting av resultatata

- 6.1 Vidare forskning

7.0 Avslutning og takk

8.0 Litteraturliste

Vedlegg

Kven spør etter leidi. Når ein har slik vind!

Olav H. Hauge

1.0 Innleiing

Sosiale medium gjer at brukarane møter kvarandre på ein digital arena med skrifta i sentrum. Denne skjermdumpen frå det sosiale mediet Facebook i 2013 er sjølve startpunktet for dette masterarbeidet:



Skjermdumpen kjem frå ei gruppe på Facebook, der ein kjøper og sel saker og ting. Å selje ein bil eller eit sofabord er noko særst kvardagsleg. Desse to personane som skal selje her, vel å skrive annonsen på dialekt, i staden for normert språk. Dess meir tid ein brukar på Facebook, dess meir let eg meg fascinere over dialektrikdomen i skrift. Bakgrunnen for denne oppgåva om dialekt på Facebook, heng saman med den språklege situasjonen Noreg har i både skrift og tale, med to jamstilte skriftspråk og ein stor dialektvariasjon.

I kor stor grad skriv Facebook-brukarar på dialekt, og i kva grad varierer eventuelt brukarane mellom dialekt og det nynorske skriftspråket eller bokmål? I denne avhandlinga vert det også sett søkjelys på kor utbreidd det er å vrake det normerte språket og eg freistar å finne ut kva som er årsakene til dette. Avhandlinga vil også prøve å finne svar på spørsmålet om dialektbruk er noko ungdom tek i bruk på fleire domene, både digitale og analoge, og i så fall kvar.

Bakgrunn

I 2014 skjer det noko. Facebook vert Noregs største mediekanal (Fossbakken 2014) målt i unike brukarar. Facebook passerer NRK 1. Det er fleire aspekt ved dette som er interessant. Facebook er ikkje ein norsk, men ein global aktør som for første gong i historia tronar på toppen av denne lista. I denne samanhengen er det noko anna som er endå meir interessant. Facebook er den einaste aktøren på denne lista som ikkje produserer innhald og som heller ikkje har ein redaktør. Innhaldet på Facebook er det brukarane sjølve som skaper med tekst og foto. I sentrum av det heile står skriftspråket.

1.2 Avgrensing og problemstilling

Når ein skal studere språket på Facebook, er det fleire moglege tilnæringsmåtar. Språket er teknisk sett og tradisjonelt sett skriftspråk. Difor må ein når ein skal studere dette fenomenet, kike på fleire ulike teoriar om språk. Kva er eit skriftspråk, kva er talemål og kva er tilhøvet mellom desse? Når det er gjort, må ein gå laus på mediet. Kva er sosiale medium, korleis fungerer desse, kor mykje brukt er dei, kor viktige er dei og korleis artar språket seg der? Når ein så tek med teoriar om skriftspråk og talespråk over i ei digital plattform, kan det vere relevant å bruke eit omgrep som *digital språkmeistring*.

I smeltingen mellom skrift, tale og det digitale, kjem det ut eit skriftuttrykk som ikkje er like vanleg å finne andre stader enn på digitale plattformer. Brukarane skriv dialekt. Korleis skal vi sjå på denne *snakkeskrivinga*¹? I ei teoretisk tilnærming til språket på Facebook, kunne ein ha brukt teoriar frå kulturstudier, og sett på stammespråk og slang. Det gjer ikkje eg. Årsaka til dette valet er først og fremst volumet. Facebook vert av TNS Gallup rekna som ein mediekanal, og er no den største kanalen i Noreg, i tillegg til at det er brukarane sjølv som privatpersonar som produserer det tekstlege innhaldet.

Språket på Facebook er ikkje eit lite og smalt fenomen, men vert til i ein massemediekanal som ligg i eit spenn mellom det offentleg og private, og det opne og lukka. Ingen kanal har fleire brukarar i Noreg enn Facebook. Når tre millionar nordmenn brukar kanalen og 88 prosent av alle nordmenn er innom dagleg (Fossbakken 2014), er det difor ikkje rett å handsame dette som eit smalt kultfenomen, eller å sjå på skriftspråket som sjangermessig slang. Oppgåva vil difor ha vekt på Facebook, men eg vil også jamføre med andre sosiale medium og digitale plattformer.

¹ I denne avhandlinga introduserer eg det nye ordet *snakkeskriving*. Det er eit uttrykk som skildrar språket i sosiale medium: skrifa har ei munnleg form med sterke innslag av dialekt og bryt med det offisielt normerte språket.

I denne avhandlinga ser eg dialekt på Facebook med brillene til noko som liknar på ei ny norm eller ein ny skriftvariant, altså snakkeskriving. Det verkar sosialt akseptert å skrive som ein snakkar i Noregs største medium. Eg nærmar meg difor emnet med ei blanding av mediekunnskap, lingvistikk og identitetsteori.

I dette arbeidet ynskjer eg å sjå nærare på kva som skjer med språket, i fråvær av formelle normer, skrivinga i sanntid, og der brukarane har store nettverk og produserer innhaldet sjølv.

Først og fremst manglar det kunnskap om *omfanget* av dialektskrivinga i sosiale medium. Det primære ved denne oppgåva har difor vore å finne ut av dette. Korleis skriv ungdommane og korleis grunngjev dei valet? Kor viktig er Facebook for dei som går ut av vidaregåande skule? Kor mykje tid brukar dei på Facebook? Og skriv dei på ein annan måte her enn i andre digitale og analoge stader der dei produserer skrift?

1. 3 Hypotesar

Hovudhypotesen før innsamling av materiale var at den store majoriteten elevar er på Facebook og at eit fleirtal av desse skriv på dialekt. Bakgrunnen for hypotesen var observasjon gjennom eigen bruk og resultatet frå spørjeundersøkingane Berit Skog (2009) har gjort i Trøndelag. Eg venta å finne at respondentane skriv dialekt ofte, men ikkje alltid. Eg venta vidare at dei grunngjev dette med at «alle andre gjer det». Neste hypotese var at respondentane skriv dialekt som eit *positivt val*, ikkje fordi dei er dårlege i norsk eller synest rettskriving er vanskeleg.

Ein siste hypotese var at fleirtalet av respondentane trur at nynorsken vert eit mindre brukt språk i framtida. Framtida er her definert som ti år fram i tid. Eg planla å spørje elevane om kva skriftspråk dei trur dei vil bruke mest om ti år. Ti år er for så vidt lenge, med tanke på at utviklinga av digitale medium går svært raskt. Facebook vart lansert i 2004, men når ein tenkjer på at mennesket har skriva i fleire tusen år, er tidsperspektivet knappast for eit lite sukk å rekne. Eit slikt spørsmål om kva ein trur i ei relativt nær – eller fjern – framtid, kan truleg vanskeleg brukast vitenskapleg. Det er ei forventning respondentane har om eigen, framtidig språkbruk. Sidan det venteleg var eit fleirtal av nynorskbrukarar i undersøkinga, meinte eg eit slikt spørsmål likevel var relevant.

Eg hadde også ein hypotese om at elevar frå nynorskfylket Sogn og Fjordane ville skilje seg ut som optimistar på vegner av framtida til eige, nynorsk skriftspråk, medan dei andre respondentane ikkje vil svare nynorsk på spørsmålet om kva språk dei trur dei vil bruke mest om ti år. Bakgrunnen for denne hypotesen finst i Språkfakta for Sogn og Fjordane 2012: «Bruken av nynorsk er prega av stor stabilitet og få endringar i både skule, kyrkje og offentleg forvaltning etter 1930-åra (...) Sogn og Fjordane representerer eit språkleg hegmoni (...)» (Grepstad 2012:4)

Andre studiar om språkskifte, særleg i randsonen for nynorsk, viser at mange skiftar skriftspråk i løpet av skulegangen. I undersøkinga *Målstreken* kjem det fram at 75 prosent av elevane i randsonen Valdres går over til bokmål i løpet av skulegangen (Garthus Kvåle 2009:4). I undersøkinga fekk ungdommane også spørsmål om kva dei trur dei kjem til å skrive mest i privat samanheng, etter vidaregåande skule. Blant dei med nynorsk som hovudmål, trur 31 prosent at dei kjem til å skrive nynorsk privat. 42 prosent trur dei vil skrive begge deler, og 25 prosent svarer bokmål (Garthus Kvåle 2009:11). Denne undersøkinga er fem år gamal og det er verdt å merke seg at dialekt ikkje var eit svaralternativ her.

Ei anna viktig årsak til at eg trur majoriteten ikkje vil svare nynorsk på spørsmålet om kva språk dei trur dei vil nytte mest om ti år, er den pågåande sentraliseringa i Noreg. Fleire flyttar til byane, og i byane dominerer bokmål. Folk flyttar også meir enn før. I år 1900 budde 25 prosent av innbyggjarane i by eller tettstad, men i år 2000 var dette omvendt. No bur 75 prosent av alle nordmenn i byar eller tettstader (Anon. 2013b). I tillegg har vi eit stadig meir internasjonalt arbeidsmiljø.

Eg har ikkje gått inn i språket i seg sjølv. Altså har eg ikkje studert korleis respondentane *de facto* skriv på Facebook og eg har heller ikkje intervjuar brukarane. Det finst både masteroppgåver og PhD-avhandlingar om digitalt språk. Her har ein brukt intervju og observasjon som metode og utvalet har vore relativt lite. Eg grunnjev valet mitt under metodedelen i dette arbeidet.

Eg har ikkje eit prinsipielt syn på om dialektskriving er bra eller dårleg, verken i seg sjølv eller som ein mogleg negativ konsekvens for etablerte normer i nynorsk og bokmål. Derimot ynskjer eg å få ei mest mogleg dekkjande innsikt i omfanget, og grunngevinga frå dei som produserer slik skrift, i eit geografisk avgrensa og nynorskdominert område.

For å teste hypotesane har eg spurt 142 respondentar i dei fire vestlandsfylka. Alle er avgangselevar i vidaregåande skule og alle har svara på det same, elektroniske skjemaet i programmet Questback. Undersøkinga var frivillig og det var heile klasser som deltok. Undersøkinga var på førehand meldt inn og godkjend av Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste.

2.0 Teoretisk tilnærming: om vårt skriftspråk

I denne delen av oppgåva vil eg kome inn på kva eit skriftspråk er, normering av nynorsk, dialektar, skriftspråket på Vestlandet, språk som identitetshandling og digital literacy. Eg kjem til å sjå på modellar for normering og vil halde meg til nynorsk. Bokmålsnormeringa sett opp mot ei drøfting av kor vidt elevar bokmål som hovudmål og med bokmålsnært talemål, vel dialekt eller ikkje på sosiale medium, kunne ha vore svært interessant som komparativ analyse til det nynorske, men det er det ikkje plass til i dette arbeidet.

2.1 Skriftspråk og talemål i Noreg

Allereie Platon drøfta kva skriftspråket er. Platon hevda at talemålet var det primære, det som kom fyrst, og at skriftspråket var sekundært. I dialogen *Faidros (Elskoven og sjelen)*, skriv Platon om sin skepsis til skrifta, i ein dialog mellom Sokrates og Faidros: «Så den som tror han kan efterlate seg fagkyndighet i skrift, samt den som mottar skriftens ord, i den formening at noe tydelig og tilforlatelig kan bli til av skrifttegn, han er fylt med stort enfold». (Platon 1981:94)

Seinare har tilhøve mellom skriftspråk og talespråk vore oppe til diskusjon også her heime, men i nyare tid. Riksmålsforbundet har vore ei motmakt mot offisiell norsk språkpolitikk og å normere på grunnlag av talemålet. Dei har i arbeidet med *Norsk Riksmålsordbok* lansert ei eiga skriftnorm, som ikkje tek utgangspunkt i talemålet, men hentar grunnlaget frå litteraturspråket (klassisk norsk litteratur) og danna daglegtale (Vatvedt Fjeld 2004).

Lars.S Vikør skriv i *Dialektar som skriftspråk* (2004:12) at det er to ytterpunkt i diskusjonen. Det eine er at talen legg premissane for skrifta, og såleis at skrifta er eit produkt av talen, at skrift og tale har eit relasjonelt forhold. Det andre ytterpunktet er at skrifta er uavhengig av talen, at skrifta er

autonom. Om ein ser historisk på dette, er det likevel heilt klart at talen kom før skrifta (Sandøy 1996:18).

Den største skilnaden på tale- og skriftspråk er graden av normering. Det vil seie at det finst reglar for korleis ein skal skrive, ein grammatikk, eit rettskrivingssystem. Vi har med andre ord felles reglar for korleis orda skal oppføre seg i høve til kvarandre og korleis dei enkelte orda skal sjå ut og formast. Dette gjer at vi kan forstå kvarandre. Desse normene kan vere anten formelle eller uformelle, og dei er i somme høve slått fast av språkstyresmakter. Slik er det i Noreg, der fagorganet Språkrådet har ansvaret for normering og revisjon av dei to norske skriftspråka bokmål og nynorsk. Slik sett er normeringa av våre skriftspråk fast og formell. Dette kjem eg attende til. Ein kan hevde at det finst ei munnleg, om enn meir uformell normering også, men denne er ikkje på same måte og i like stor grad styrt av offisielle styresmakter. Det finst likevel reglar for uttale og oppfatning av kva som er «rett og feil», men denne endrar seg over tid og dette finn vi att i Språkrådet sitt mandat: «bokmål og nynorsk skal dyrkes og normeres som levende kulturspråk» og i vedtektene §3: «Dersom faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det, kan Språkrådet vedta ny stavemåte og bøyning av tidlegare normerte ord og justeringar i skrivereglane» (Anon. 2012a).

I tillegg har vi omgrepet *standardtalemål*. Standardtalemålet har ikkje ei fast geografisk tilhørsle, som dialektane har. Standardtalemålet høyrer ein først og fremst i dag i Det Norske Teatret og i nyheitssendingar i NRK, samt hjå enkeltpersonar. Det er sjølvsagt ikkje slik at ein snakkar anten eller; valet mellom dialekt og standardtalemål er i høg grad situasjonsbestemt (Vigeland 1995:13).

I denne samanhengen er det likevel viktig å slå fast at statusen til det talte språket, til ulike dialektar rundt om i det langstrakte Noreg har fått auka status (Walton 2006:2010-215). Slik er det ikkje i alle

land. Den norske dialekttoleransen er relativt ny og vaks fram på syttitalet, men for dei som er rundt 20 år i dag, har den alltid vore der (Lomheim, førelesing 2013). Å snakke dialekt i Noreg er difor heilt akseptert. Også frå talarstolen i Stortinget kan ein høyre dialektar kvar gong det er plenumsdiskusjon. Dette kan alle sjå og oppleve, sidan møta vert overførte direkte på Stortinget sin eigen Internett-TV-kanal. Ein treng altså ikkje pynte på talespråket, heller ikkje i nasjonalforsamlinga. Dette seier mykje om statusen til dialektane i landet vårt.

Kvar sluttar talen, kvar byrjar skifta?

Det er relevant å drøfte kvar talespråket sluttar og kvar skriftspråket byrjar. Kvar går eigentleg skiljet mellom det talte og det skrivne? Lingvisten Halliday (1998) skil dette slik: talespråket er ein prosess, medan skriftspråket er eit produkt. Men dette skiljet passar ikkje lenger med nye, digitale produkt, nye sjangrar og kommunikasjonsmåtar. Skrifta er ikkje lenger analog, men går meir og meir over på skjerm og tastatur. Å skrive i sanntid er dessutan i høgste grad ein prosess. Det tradisjonelle skiljet mellom skrift og tale er med andre ord sett på prøve. Reint teknisk kan ein framleis seie at skriftspråket byrjar der pennen treff papiret, der bokstavane kjem til syne på skjermen. Det vil vere ein teknisk definisjon, lausriven frå ei kommunikasjonshandling. Sandøy (1985:15) hevdar at ein viktig skilnad mellom skrift og tale er at talen har eit felles orienteringspunkt i tid og rom, at sendar og mottakar kjenner kvarandre, at talen opnar for at ein kan stille spørsmål om ein lurar på noko; det vert ein tovegs sanntidsdialog.

Teorien til Sandøy er skriven både før data var vanleg og før SMS var funnen opp. Teorien hans er konteksthengig og i dag fullstendig utdatert.

Vidare skriv Sandøy at ansikt til ansikt-kommunikasjon opnar for det nonverbale, eit nikk, eit *hm*, og at ei ufullstendig setning likevel kan gje meining. Denne skildringa til Sandøy høver godt i ei tid der skrifta var statisk, endeleg og analog. Men moderne teknologi og nye måtar å kommunisere på, tek element frå talespråket inn i skriftspråket. Nettprating² og skriving i sanntid på Internett, gjer at ein får det verbal-dialogiske med seg inn i skrifta, kjensleord³ og småord som *hm*, kan like godt passe inn i skrifta som i talen. Den nye måten å skrive i sanntid på, gjer at dei tradisjonelle skilja mellom skriftspråk og talespråk, vert utfordra. Og resultatet av dette, ser vi i hovudkonklusjonen i denne studien: Fleirtalet vel vekk tradisjonell, normert skrift og skriv i staden dialekten dei snakkar.

2.2 To skriftspråk i Noreg. Historiske grunngevingar.

Eit skriftspråk (eller *skriftmål*, desse omgrepa vert brukt om kvarandre) er ifølgje ordboksdefinisjonen⁴ eit «språk som blir brukt i skrift (og som har ei fastare norm enn talemålet». I Noreg har vi dei to skriftspråka bokmål og nynorsk, som ofte vert sett som uttrykk for eitt og same norske språk og difor omtala som målformer. Stadig fleire argumenterer derimot for at nynorsk og bokmål er to ulike *språk*.

I Stortingsmeldinga *Mål og Meining* heiter det:

Det finst likevel ingen opplagd definisjon på kva som er eitt språk med mange dialektar eller ulike skriftformer, og kva som er fleire språk. Til dels avheng nemningsbruken av kva ein ønskjer å oppnå med omtalen. Det er ikkje eingong opplagt at norsk, dansk og svensk må

² Eg omset *chatting* til *nettprating*.

³ Ordet *emotikons* har eg her sett om til *kjensleord*. Ordet kjem frå engelsk *emoticon* og er mykje nytta med fornorska skrivemåte: *emotikon*. Tidlegare omtala ein gjerne fenomenet som *smiley* og seinare også *smilefjes*, men no har desse små symbola ikkje berre vorte fleire, men også meir avanserte og samansette. Verken *emoticon*, *emotikon* eller *kjensleord*, finst i norske ordbøker.

⁴ Frå nynorskordboka: skrift|språk n1 språk som blir brukt i skrift (og som har ei fastare norm enn talemålet)

definerast som eigne språk, i og med at dei i stor grad er gjensidig forståelege. Når det likevel er vanleg å rekna dei som sjølvstendige språk i høve til kvarandre, er det fordi dei eksisterer som ulike skriftspråk i kvar sin nasjonalstat. Bokmål og nynorsk er òg ulike skriftspråk, men dei blir brukte i den same nasjonalstaten. Opphavleg vart dei standardiserte uavhengig av kvarandre, men seinare har dei utvikla seg i nært samarbeid og nær kontakt, og dei er gjensidig vortne nærma til kvarandre på eit talemålsgrunnlag som er vorte meir og meir felles. Eit språk kan altså definerast ut frå ulike kriterium. Det eine er lingvistisk avstand til andre språk, det andre er om språket eksisterer som ein sjølvstendig standardisert språkvarietet, det vil i praksis seia som skriftspråk (Anon. 2008).

Om framveksten av nynorsk og bokmål er det skrive mykje og sagt endå meir. I 2014 har dei to skriftspråka, eller målformene, alt etter korleis ein ser det, levd side om side som jamstelte skriftspråk i 129 år. Rett nok har dei to variantane av norsk aldri vore jamstore, men juridisk sett er dei ei anna sak. Dei juridiske rettane til nynorskbrukarane vart fastsett av Stortinget 12. mai 1885 og har i ettertid vorte kalla *jamstellingsvedtaket*.

Regjeringen anmodes om å træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Boksprog (Stortinget 12.5.1885).

Det var først på syttitalet at nynorsk vart eit allment språk i heile Noreg, kan vi lese i oppslagsverket Allkunne i artikkelen «Eit språk blir til» (Grepstad 2010). Skulereformer førte til at elevane måtte lære å skrive nynorsk. Talemåla fekk samstundes auka prestisje og slagordet til Noregs Mållag «Tal dialekt, skriv nynorsk» verka. Heilt utan motstand var det likevel ikkje. Då den nye femtilappen kom med nynorsk tekst var reaksjonane sterke (Grepstad 2010).

Og sidan har det vore slik. På papiret. Lov om målbruk i offentleg teneste §1 slår vidare fast at «Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune».

Språkspørsmålet er likevel stadig oppe til debatt. Seinast hausten 2014 kom det eit nytt, lokalt framlegg om å fjerne eigen karakter i sidemål og eksamen i nynorsk frivillig og denne gongen frå Oslo Arbeiderparti (Anon. 2014b). Programkomiteen i det største lokallaget i Noregs største parti ynskjer å ha dette på programmet for kommunevalet 2015.

Den formelle statusen til nynorsken er ein ting, den reelle noko anna. Brot på Mållova er nokså daglegdags, jamfør debatten om politiet sitt språk på det sosiale mediet Twitter i Møre og Romsdal hausten 2014. Norsk Målungdom melde politiet til Språkrådet, fordi dei bryt Mållova ved å sende ut Twitter-meldingar på bokmål, i eit politidistrikt som femnar 17 kommunar, der 16 har nynorsk som administrasjonsspråk (Hole 2014).

Kan så nynorsk sjåast på som eit *minoritetsspråk*? Ja, meiner Brit Mæhlum, som argumenterer med det asymmetriske tilhøvet til bokmålet (Eiksund 2011). Dette er direktør i Nynorsk kultursentrum og styreleiar i Språkrådet, Ottar Grepstad, ikkje samd i. Grepstad viser til at nynorsk ifølgje internasjonal rett må kallast *eit mindre brukt språk*, ein varietet (Grepstad 2003:3), og det er noko anna enn eit minoritetsspråk: «Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, men eit stort språk i verda.».

Same kor ein klassifiserer det, er nynorsken mykje mindre brukt på Austlandet, Sørlandet, Trøndelag og i Nord-Noreg enn bokmålet. Men framleis held nynorsken stand på Vestlandet, og her finn vi nynorsken også i næringslivet, som saftprodusenten Lerum, Kleven Verft, Hotel Alexandra, og avisa

Firda. Fleire viktige nynorskinstitusjonar i Noreg er også plasserte i Oslo: Det Norske Teatret, Det Norske Samlaget, og avisa Dag og Tid. I 2014 kom jamvel Grunnlova på nynorsk.

Talen om tilstanden i riket, under Stortinget si opning kvar oktober, vert framført på nynorsk. I 2014 vart talen framført av kunnskapsministeren i bunad (Anon. 2014d). Nynorsken er altså eit levande bruksspråk i det norske samfunnet.

2.3 Nynorsken på Vestlandet

Med Vestlandet meiner eg i denne oppgåva fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Desse fire fylka representerer eit stort, geografisk område, med lange fjordar, høge fjell, kyst og øyer, strender og sletter. Kulturelt sett er Møre og Romsdal fylke delt i tre historiske futedøme og sunnmøringar flest ser på seg som vestlendingar, medan romsdalingar og nordmøringar kanskje heller kikar nordover. I det innsamla materialet mitt, er den deltakande skulen frå Møre og Romsdal på Sunnmøre. Ivar Aasen sette elles grensa mellom Vestlandet og Midt-Noreg ved Romsdalen (Indrebø 1951:432).

Det må nemnast at Vestlandet ikkje er einaste staden der nynorsk vert brukt. Nynorsk finn vi mange andre stader, som i Lom i Oppland og Vinje i Telemark. Vestlandet er likevel plukka ut som det geografiske området til denne studien, fordi nynorsken her er jamt fordelt langs heile kysten og i landet inn i fjordane. Nynorsk har blitt meir vestnorsk. I 1947 budde 56 prosent av nynorskelevane i vestlandsfylka, i 1967 hadde dette talet auka til 75 prosent, og i 2001 budde 86 prosent av nynorskelevane på Vestlandet (Grepstad 2003:2). På same måte som nynorsk har vorte eit vestnorsk regionspråk, er Sogn og Fjordane tyngdepunktet.

Grepstad hevdar at nynorsken har fått eit sterkare fofeste i områda der nynorsken er mykje brukt og at den språklege tyngdekrafta verkar som ein fordel (Grepstad 2003:3). Utreiinga av nynorsken har med andre ord krympa, samstundes som kjerneområda har vorte styrkte.

Tal frå 2013, prosent av elevane i grunnskulen som har nynorsk som hovudmål (Anon. 2013c):

Sogn og Fjordane: 97 prosent

Møre og Romsdal: 51 prosent

Hordaland: 39 prosent

Rogaland: 24 prosent

Til saman var det to (2) elevar i Oslo som hadde nynorsk som hovudmål i 2013. Eit fylke med nynorsknære dialektar og kommunar med nynorsk administrasjonsspråk, er Telemark. Der er det 9 prosent av elevane i 2013 som har nynorsk som hovudmål (Anon. 2013c). Det bør leggjast til at dei største byane, også på Vestlandet, som Bergen, Ålesund og Stavanger, har ein tung majoritet av bokmålsbrukarar og ein lang tradisjon for bokmål som skulemål. Dette dreg ned prosenten for Hordaland, Møre og Romsdal og Rogaland.

I denne undersøkinga er deltakarane elevar frå Vestlandet. Dei har nynorsken rundt seg i kvardagen, og som eg har vist: særleg i Sogn og Fjordane. Unntaket er Dalane i Rogaland, som er ein bokmålsskule.

2.4 Faste og lause språknormer

Ein kan seie at ei norm er ei *forventing* om åtferd. Ofte er norma ei rettesnor, det som er vanlegast, det som er alminneleg. Normene kan vi finne att i klasserommet (ein sit i ro og lyttar til læraren), på

bussen (ein betaler billett og finn seg ein plass) eller i språket (*kjærast*, ikkje *sjærste*). Norma kan gå over i ei lov, og brot på lova medfører straff. Normbrot kan også straffast, ein får dårlegare karakter i norsk dersom ein bøyer verba feil og ein vert utvist frå biblioteket om ein bråkar og forstyrrar andre. Når ein snakkar om ei språknorm og knyter denne eksplisitt til skriftspråket, snakkar ein om den fastsette, standardiserte og kodifiserte rettskrivinga i eit gitt språk (Vikør 2007:117-121). Vikør skil mellom dei grammatiske normene (kva som er rett eller feil) og bruksnormene (den kontekstavhengige varianten). Noreg har hatt uvanleg mykje og sterkt målretta normering av skriftspråket (Walton 2006:215).

Innan språkvitskapen skil ein mellom ulike typar normer. Dei internaliserte normene, som er innarbeidde språkvanar og umedvitne handlingar, og dei fastsette normene, som er vedtekne av språkorgan. Professor Helge Dyvik skriv i artikkelen «Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning?» (Dyvik:4) at nemninga *internaliserte normer* er uheldig og upresis. Han meiner at nemninga tonar ned den samfunnsmessige og kollektive delen av desse normene og meiner nemningane *empiriske* eller *operative normer* er betre omgrep.

Vidare finst det open normfastsetting der brukarane har innsikt i normprosessen. Eit døme på dette er Riise-utvalet, der leiaren i nemnda for ny nynorskrettskriving, Grete Riise, inviterte alle til å kome med innspel til ny rettskriving (Anon. 2012c). Prosessen er open, fordi den er gjort av styresmaktene. Motsetnaden til den opne normfastsettinga er den tildekte, der det ikkje finst innsikt i vedtak eller prosess, men der brukaren får tildelt til dømes ei husnorm. Slike husnormer finn ein til dømes i avishus og institusjonar.

Normer er ikkje like faste som ei lov, dei er knytt til situasjon, samhandling og kontekst. Normer kan dermed endre seg over tid. Både individ og kollektiv er med på å etablere, endre og formidle normer gjennom ein dialektisk prosess, der ulike agentar har ulik påverknadskraft (Vikør 2007:117-121). Normering av språk er også eit verdival, det handlar om ulike val mellom ulike alternativ. Vala kan vere både bevisste eller ubevisste, og dei kan finne stad i ulike i ulike samfunn og kulturar.

Einar Haugen skisserer fire steg i normeringsprosessen (Haugen 1969:14-21):

1) *Val av norm*. Skal ein velje ny norm eller modifisere ei eksisterande? Treng ein fleire normer eller er det nok med ei? I materialet mitt vil en få sjå at respondentane vekslar. Respondentane vel eksisterande normer, og går også utanom. Fleirtalet gjer tilpassingar i skriftspråket for å få det nærare talemålet, i dei tilfella dei vel å skrive dialekt. Her kan vi seie at snakkeskriving er ei slags modifisert norm.

2) *Kodifisering av norma*. Skal norma vere formell eller uformell? Skal ein ta utgangspunkt i talemålet? Kven sitt talemål. I så fall fleirtalet, eliten eller skal ein fremje former for å heve statusen til visse grupper? Ein må ta stilling til om stavemåten skal vere fonetisk eller etymologisk? Det er talemålet til avsendaren som verkar å liggje til grunn i valet av språk på Facebook. Respondentane grunnjev valet av dialektskriving med at «det er slik eg snakkar». Når ein vel snakkeskriving som norm på Facebook, er den altså uformell og tek utgangspunkt i talemålet.

3) *Utbygging av funksjon*. I denne fasen må ein byggje ut vokabular, faguttrykk og systematisere og distribuere ordbøker. Eg har ikkje undersøkt kva ord respondentane skriv på dialekt og kva ord dei eventuelt vel å skrive normert. Korleis respondentane handsamar faguttrykk, er difor vanskeleg å

seie. Dei ufastsette normene snakkeskriving er meir private enn offisielle, og dermed er det vanskeleg å seie at dei har ein utbygd funksjon.

4) *Godkjenning av samfunnet*. Implementering, folk tek norma i bruk på ulike domene. Som undersøkinga viser brukar respondentane norma snakkeskriving på somme, men ikkje alle domene. Heller ikkje i det digitale samfunnet sett under eitt kan ein seie at norma er allment godkjend. Eit fåtal av respondentane skriv dialekt i til dømes kommentarfelta i nettavisene. Dialektbruken er klart mest utbreidd på visse sosiale medium, særleg der tekst spelar saman med bilete. Ein kan seie at norma langt på veg er godkjend av den delen av samfunnet som er innanfor det aktuelle domenet, og i denne undersøkinga er norma snakkeskriving i bruk av tre av fire respondentar.

Lars S. Vikør (2007) presenterer ei stor oversikt over prinsipp for språkplanlegging, som kort sagt viser at ein kan leggje ei rekkje prinsipp til grunn for normering og språkplanlegging. Vikør viser at språket ikkje kan isolerast frå resten av verda. Språket må normerast *an sich*, men like fullt sjåast i samheng med språka rundt oss - forholdet mellom språket og språkbrukarane og forholdet til ulike samfunnsmodellar. Språket kan brukast politisk som eit ledd i å stable ein nasjonalstat på føtene, samstundes kan ein setje språket ut på den opne marknaden: det som vert mest brukt, vert den norma som overlever. Dei færraste språk lever i slike anarkistiske tilstandar og om skriftspråknormene ikkje vert fastsett av statlege organ, vil andre normagentar ha meir eller mindre makt. Også ytre faktorar spelar ei rolle i normeringsprosessen: det som er vanleg (det ein ser andre gjer), moglege sanksjonar, status og rolle til skrivaren, og ikkje minst situasjonen.

Det slåande når ein les teoriar om språkplanlegging, er kvar talemålet finn sin plass i desse teoriane. Mange foreldre driv normering ved kjøkenbenken og ikkje minst i skulen (Vikør 2007:126). Vi rettar

på born som seier *sjole* og *sjøkken*, ofte er det ein rein refleks mellom generasjonane. Undersøkinga som Hjalmar Eiksund gjorde i masterarbeidet sitt viser at skuleelevar endrar språkbruk saman med foreldre (Eiksund 2011:44-45). Mange elevar med nynorsk som hovudmål vel å nytte normert nynorsk når dei skriv til foreldra sine, men nyttar dialekt når dei skriv til klassekameratar.

Eiksund argumenterer for at elevane i undersøkinga hans har ein skriftleg diglossi-situasjon, der mottakaren set premissane for rettskrivinga (Eiksund 2001:71). Dette er eg samd med Eiksund i, og det same går fram av undersøkinga mi.

Det finst ikkje like mange teoriar som handlar om ideologiar og prinsipp for kvardagsleg normering av talemålet. Det grunn til å tru at foreldre flest truleg normerer ut frå det dei opplever som rett i deira verd og som fleirtalet brukar: sjølv sa dei *kjole* og *kjøkken* og då er *sjole* og *sjøkken* feil. Slik har vi innebygde språknormer i oss som menneske som speglar vår språklege kvardag i eit språksamfunn, og språk er noko vi både *gjer, er og brukar*.

Nynorsknormering

Bokmålsnormeringa er ikkje emnet for denne oppgåva. Det er likevel relevant å få med at talemålet også spela ei sentral rolle i arbeidet til Knud Knudsen, som skriv seg frå 1881. Då gjekk Knudsen inn for å etablere eit rådgjevande organ, ein *sprogkommitte* (Grepstad 2014). I Knudsen si språkreform for riksmål (frå 1929 bokmål) ser ein til dømes harde konsonantar (Torp 2012).

Det er relevant å nemne viktige prinsipp for normeringa av nynorsk. Landsmålet til pioneren Ivar Aasen var ikkje berre eit reint språkprosjekt. Staten var ny og trong sitt eige skriftspråk, bondestanden skulle også hevast. Landsmålet var dermed eit prosjekt for nasjonsdanning og danning. Aasen vaks ut

av ein kontekst: han kom frå ei tid og eit område med lang tradisjon for lesande og skrivande bønder, ein kulturelt rik bondekultur på Sunnmøre (Grepstad 2013b). Dette var ein viktig premiss for Aasen sitt arbeid (Grepstad 2013c:22-47 og 182-202). Nynorsken vert rekna som ein av tre motkulturar saman med fråhaldsrørsla og lekmannsrørsla og var i høg grad politisk. Aasen meinte at bonden snakka det eigentlege norske språket, som var minst påverka av dansk.

Ivar Aasen skriv i førordet til *Prøver af Landsmaalet* (Aasen 1836 i Grepstad 2006):

Enhver, som har lagt Mærke til Bygdemaalenes indbyrdes Forhold, vil let kunne indsee, at man meget vel kan kjende Maalet grammatikalske Hovedregler og dog ikkje kunne tale eller skrive det rigtig.

Aasen sitt grunnsyn var dermed at der fanst eit språk der ute som ikkje hadde funne si skriftlege form, eit diaspråk, eit protonorsk (Haugen 1975:183). Ivar Aasen fann ikkje opp eit språk. Han skapte ikkje eit språk. Han laga ikkje eit språk. I talen ved Ivar Aasen-statuen i samband med Festspela i 2013, sa direktør i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad:

Ivar Aasen fann eit språk. Han fann eit mønster i dei talemåla som var i bruk i landet kring midten av 1800-talet. Han viste samanhengane mellom desse talemåla, påviste ei mange hundre år lang linje frå norrønt språk til samtida og gjorde det klinkande klart at norsk var eit sjølvstendig språk på linje med dansk og svensk. Så skriftfesta han det språket han hadde funne (Grepstad 2013a).

Aasen la talemålet til grunn for sitt landsmål, men la også vekt på norrønt. Han tok omsyn til uttalen, omsyn til ordet si opphavslege form, laga nye ord der det trongst, heldt på somme godt innarbeidde

framandord, han kompromissa der han måtte og hadde ei pragmatisk tilnærming. Han meinte at nokre dialektar var «reinare» enn andre, mellom anna dialektane i Sogn og Hardanger. Nynorsken har ein vestnorsk profil, men ein kan likevel ikkje seie at det var eit reint vestnorsk grunnlag Aasen la seg på. Gustav Indrebø (1951:432) har freista setja tal på den geografiske fordelinga av heimfestingane i *Norsk Ordbok* og kom fram til dette:

Vestlandet (Romsdal til Rogaland): 39 prosent

Austlandet (inkludert flatbygdene): 37 prosent

Agder: 3- 4 prosent

Nord-Noreg: 20 prosent

Grunnprinsippa i normeringa til Aasen har halde fram. Rettskrivingsnemnda for nynorsk med Grete Riise som leiar, skriv i innstillinga si i 2011:

Dei som argumenterer for folkemålsprinsippet og stor valfridom, legg pedagogiske og identitetsmessige omsyn til grunn. Med valfrie former i norma skal dialektbrukarar frå ulike delar av landet kunna finna fram til ein nynorsk som ligg nær talemålet deira. (...)

Det som har vist seg å vera eit problem med valfridommen, er at dei færreste greier å skaffa seg oversikt over alle formene det er mogleg å velja mellom. Ikkje alle lærarar har fullt oversyn over mangfaldet i rettskrivinga. Derfor får ikkje elevane rettleiing i å bruka det, og mange opplever dei mange alternativa i ordlistene som forvirrande.

Også dei som argumenterer for einskapsprinsippet, legg derfor pedagogiske omsyn til grunn. Dei viser til at vane har mykje å seia når ein lærer eit skriftmål. (Anon. 2012b).

Det talemålsnære er framleis det viktigaste. Valfridom er difor framleis eit gode, men pedagogiske omsyn er tillagt mykje vekt. Det finst døme på at staten har overprøvd sitt eige fagorgan, Språkrådet, i 2005. Dette kan lesast i *Mål og Mening* :

I nynorsk ville ikkje Språkrådet fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer, men avskreiv likevel ikkje problemstillinga. Stabilitetsomsynet gjorde difor at departementet ikkje godkjende andre endringar i nynorskrettskrivinga som Språkrådet hadde vedteke (Anon. 2008).

Her fjerna kulturdepartementet skilja mellom hovudformer og sideformer, og grunngir dette med «stabilitet». I stortingsmeldinga skriv Regjeringa vidare at opprydding er ei målsetjing, ergo har mange ulike former vore for rotete eller vanskeleg. Lite brukte former skal takast ut og dette skal vere førande for framtidig normeringspolitikk. I *Mål og mening* vert det ikkje drøfta vidare korleis Regjeringa har kome fram til at mange ulike former har skapt vanskar, heller ikkje for kven det eventuelt har skapt vanskar for. I meldinga finn vi derimot ei presisering av omgrepet språkleg mangfald (kap. 10.1.1.2), der mangfald har ein positiv klang. Stortingsmeldinga omtalar dialektane i talemålet som eit «rikt spekter» (kap 4.1.2) og normering på grunnlag av talemålet vert karakterisert som «ei viktig språkhistorisk forankring» (kap. 4.1.2). Likevel skal dei mange variasjonane i talemålet ikkje vere for mange når det kjem til skrift og normering. Det er eit visst paradoks.

2.5 Kva er dialekt?

Med dialekt meiner vi talemålsnorm med lokalt særmerke (Venås 1977:345). Dialektar heng altså saman med geografi, eit heimleg talemål. Noreg med sin langstrakte geografi, lange fjordar og høge fjell, har ein stor dialektrikdom. Særleg etter 1970-talet har dialektane fått auka status og

dialektbruken er i stor grad avstigmatisert. I den relative plassen mellom det talte og det skrivne, drøftar Venås vidare at talemålet er primært og skriftspråket sekundært. Ordet kjem altså først ut av munnen. Unn Røyneland (Røyneland 2009) skildrar det slik:

Dialects are spoken at the kitchen table, among friends, in the media, in university lectures and in Parliament. Since modern Norwegians are as mobile as any other Europeans, communication is very often “polylectal”. There is no officially codified spoken standard variety of Norwegian.

Spørsmålet om det finst eller ikkje finst eit standardtalemål i norsk, er jamleg drøfta mellom norske lingvistar. I artikkelen «Standardtalemålet- finst det?» presenterer Svein Lie (2010) ei slags statusoppdatering om kva dei ulike lingvistane meiner om saka. Både dei som meiner at det finst eit standardtalemål og dei som meiner det ikkje finst, har gode argument. Sjølv er eg noko i tvil, men meiner at det finst eit slags kodifisert standardtalemål for begge målformer, og at dette kan lærast. Spørsmålet er om dette er ein prestisjedialekt, som mellom andre Helge Sandøy meiner eller berre eit normideal for eit større språksamfunn som Mæhlum meiner. Det er uansett sikkert at standartalemålet (eller prestisjedialekten) vert nytta til dømes i nyheitssendingar i NRK og at opphavet til bokmål er den «dannede daglige tale», eit standardtalemål tufta på dansk skrift med norsk uttale.

Uansett om vi kallar det standardtalemål eller prestisjedialekt, så er eg samd med Røyneland i at det ikkje finst veldig mange som snakkar standardtalemål ved kjøkenbenken.

Lars S. Vikør (Vikør 2007:58-60) problematiserer omgrepet dialekt vidare og deler det inn i fire kategoriar, der dei to første er lingvistiske:

1a) Ein varietet av eit språk som vert kjenneteikna av i seg sjølv å utgjere eit komplett språkssystem, og som såleis kan fungere som «språk» i seg sjølv, men som står så nær andre liknande språkvarietetar at dei saman må reknast som dialektar av same språk.

1b) Som 1a), men med tillegg av at det dreier seg om ein geografisk avgrensa varietet.

2) Ein varietet som kunne ha fungert som språk i seg sjølv, men som ikkje er standardisert og som ikkje har ein skriftspråkvarietet knytt til seg, og som i dei fleste moderne samfunn dermed har ein avgrensa funksjon som «nærsmål».

3) Den første talemålsvarieteten ein person lærer, uavhengig av kva samfunnsfunksjon eller status denne varieteteten måtte ha.

Slik kan vi forstå at dialektar primært er verbale. Årsaka til dette er at talemålet historisk sett kom først og at skriftspråket byggjer på talemålet – som Ivar Aasen sitt landsmål er eit svært godt døme på. Skrivemålet er avhengig av talemålet på ein måte som talemålet ikkje er avhengig av skriftspråket på (Sandøy 1996:18). Men samstundes var det det danske skriftspråket som disiplinerte talen til overklassa i Noreg på 1800-talet.

Ivar Aasen samla inn dialektprøver frå heile landet, for å finne eit sams mønster, eit diaspråk som danna grunnlag for det vi i dag kjenner som nynorsk.

Bruken av dialekt i skrift er minst fire hundre år gamal i Noreg (Vikør 2004:27). Prentekunsten vart innført i 1643, og etter dette finn ein innslag av dialekt i skrift innan både lyrikk, drama, skjønnlitteratur og i sakprosa. Mykje av dette var i bryllaupssongar, humoristiske viser, dikt og

revyar. Dette ser vi att i folkekjære artistar som til dømes Alf Prøysen:

Og jinta sa tel sønnavind: rør itte sløret på hatten min.

For den lyt vara rein og pen, så je kæin få møte min elskede venn (...)

(Utdrag frå *Sønnavindsvalsen* av Alf Prøysen, 1951)

Dette ser vi att også i den seinare Åge Aleksandersen:

Her e vi bæst, du kainn sjå når det e fæst.

Ingen bli så foill som oss.

Vi flire høgst tå aill, å vi rape aille mainn.

Vi e primitiv å flott.

Æ e trønder æ, å hærregud kor tøff æ e.

Æ e trønder æ, det e itj dårlig bærre det (...)

(Utdrag frå *Æ e trønder æ* av Åge Aleksandersen, 1975)

Og i 2009 hjå Side Brok:

(...) om det e ny norsk elle gammale sanskrit / brask og bramfri skjønnskrift og kjønnsdrift

om du e fanga i limbo, mangla libido / e heldig i kjærleik eller dritgod i bingo

snakka lingo som en bimbo / eller e ei avdanka stjerne som ringo

(...)

når det brygga opp til storm og svarte skye / og farlige hagl-byge – så husk at

refr.:

du he'kje nåke å vere skjemde ta (...)

(Utdrag frå *Skjemde* av Side Brok, 2009)

Asbjørnsen og Moe brukte også dialektord blanda saman med normert skrift då dei samla inn eventyr, truleg for å gjere eventyra meir autentiske og lettare å kjenne seg att i (Gjefsen 2013). «Moe gjenga replikker på dialekt og tøyde slik tålegrensen til den lesende eliten», skriv Gjefsen vidare, og fortel at dette altså var noko ein vanlegvis ikkje tolererte. Bruken av dialekt som krydder for å vise det ekte og autentiske, ser vi att også i 2014. Eit døme er portrettintervju av folk med ei tydeleg dialekt, gjerne kvinner frå Vestlandet i kreative yrke. Sjølv tabloide riksaviser som normalt ikkje tillet anna enn bokmål i redaksjonelle tekstar, trykkjer gjerne dialektsitat, slik Dagbladet gjorde i januar 2014, i portrettintervju med skodespelaren Mia Gundersen Leliënhof (frå Stavanger): «– Fysst satt eg bare der og såg på 'na. Drukne' du eller fryse' du i hjel nedi der, tenkte eg. Så slo det meg: Fy fadaaar, ka slags menneske e' eg, som sitte her og ser på ein dødskamp?!?» (Hansen 2014). Gundersen Leliënhof får nokre replikkar på dialekt, før intervjuet raskt går over til bokmål.

1. mars 2013 gav Fredriksstad Blad ut ei dialektutgåve av avisa. Redaktøren trykte opp 1500 ekstra eksemplar, men alle avisene vart rivne ut av hyllene og avisa vart gitt ut i nytt opplag. Avisen kom endå til med ei eiga utgåve på luksuspapir til 199 kroner. På leiarplass grunn gav redaktøren dialektavisa slik: «Vi er ille gla i by'n våres. Men Fredrikstad-dialekta går i glømmeboka. Derfor prækker vi dialekt gjennom hele avisa i dag. Vi håper at du likær'e!». Avisen kom ut som eit påfunn i samband med Språkåret og i eit intervju med Dagbladet utdjupar nyheitsredaktøren René Svendsen grunngevinga:

Ja, det er litt allvåli, detta. Folk prekær'nte frekkstadialekt lenger. Så å si ingen barn eller ungdommær gjør'e. Og stadi færre ta oss voksne. Folk som prækker øssfolddialekt framstår som dumme. (...)For språket er jo en del av iddentiteten våres, enten du er rogalending eller

trønder. Vi er fra Freddriksta, byn med Værste, før det ble lagt ned. Byn som fostra han litt rare fotballtrenærn med pælane. Byen med en stor arbeiderklasse full av likændes folk(...)» (Grønneberg 2013).

Såleis kan ein seie at det er ein trend å bryte normene for standardisert skriftspråk, for å ufarleggjere dialekt og å skape større spelerom for talemålet. Fredriksstad Blad er også eit døme på at også ei konservativ avis kan gjere ein innsats for å heve eit talemål som treng meir status, om enn berre i eit påfunn. Som eg har vist med fleire døme, har vi ein historisk tradisjon for å lese innslag av dialekt på prent. Også i samtida finst det døme på at publikasjonar tek inn talemålet, men i ein formell samanheng. Det er nytt, og seier mykje om toleransen for dialekt i Noreg.

2.6 Digitalt språk som identitetshandlingar

Internett har vorte ein ny arena for å skape ein eigen digital identitet. Å lese og skrive på Internett er noko heilt normalt og vanleg, det er ein del av dagleglivet og kven vi er i 2014. Den digitale identiteten på sosiale medium som Facebook kan vere annleis enn den «analoge», til dømes den vi er i klasserommet. På Facebook-plattformen presenterer vi ei redigert røynd av livet vårt. Kunstkritikaren Kjetil Røed skriv om Facebook i pamfletten *Dislike* (2014). Røed er uroa for at skiljet mellom det private og offentlige vert vaska ut: «Facebook er ikke lenger en adskilt scene, men en iscenesettelsesteknologi som lekker, som blør ut i det virkelige liv» (Røed 2014:16). Røed seier eigentleg at Facebook er eit narrespel. Det viktige i denne samanhengen er at vi kan presentere oss sjølv, ikkje gjennom brillene til nokon andre, som til dømes ein journalist. Vi redigerer våre eigne liv og presenterer oss slik vi vil, utan *synlege og opne* avgrensingar og prestasjons- eller presisjonskrav. Internettalderen gjer at vi kan iscenesetje oss sjølv på ein heilt ny, og sær tilgjengeleg og ikkje minst effektiv måte. Og vi presenterer oss og fortel om liva våre med tekst og foto/video og eit

samspel mellom desse. Facebook gjev også brukaren ei heilt ny moglegheit til å kommunisere gjennom bilete, sidan dette er ein annan opphavsleg privatsfære (fotoalbumet) som vert offentleg. Det er nett det at denne andre privatsfæren, bilete som vert gjort offentlege, er så kraftig til stades, at brukaren etter kvart slappar av i høve til den strenge skriftspråknorma og skriv dialekt. På bloggar utan bilete ser du at skribentane er langt meir forsiktige med å skrive dialekt og dette viser også resultatet av denne studien. Det heimlege og gamle fotoalbumet er på veg ut, no deler vi private bilete på det meir eller mindre offentlege Facebook. Dette kan vere med på å få brukarane til å kjenne seg heime, slappe av, og dette kan føre til meir dialektskriving. Vi sit i sofaen saman, ser på bilete og snakkar med kvarandre. Men no er sofaen digital, virtuell.

Lingvistar og psykologar, antropologar og filosofar er samde om at språket er ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorar hjå eit menneske (Mæhlum 2008:156-187). Språkevna og det fortetta kommunikative potensialet som ligg nedfelt i språket, er framfor alt det som gjer oss til menneske. Gjennom språket møter vi kvarandre og saman med bilete får vi ei heil oppleving, sjølv om vi sit på kvar vår stad. Identitetshandlinga vert ikkje nødvendigvis mindre viktig fordi vi har ein skjerm, kanskje snarare tvert imot. Kanskje må vi vere endå tydelegare i språket, i bileta, for å nå gjennom med kven vi er. Då snakkeskriv vi og tek ein sjølvi⁵.

Dei fleste av oss vekslar på korleis vi kommuniserer med andre. Vi snakkar annleis til eit barn enn vi gjer til ein professor. Vi brukar eit anna språk når vi snakkar om fag enn når vi kommenterer fotballkamp frå sofaen. Situasjonen vi er i og kven vi er saman med, påverkar språkhandlingane. Gjennom språkval og toneleie kan vi markere både tilhøyrsløse til nokon eller markere avstand.

⁵ Med *sjølvi* meiner eg sjølvportrett, der ein tek bilete av seg sjølv med mobilkamera eller digitalkamera. Det er eit uformelt portrett, gjerne teke med armlengdes avstand. Slike bilete vert gjerne delt i sosiale medium som Instagram, Snapchat og Facebook. Ordet kom først på engelsk: *selfie*. *Sjølvi* vart for alvor teke i bruk i 2014.

«Teksten kan sjåast på som handling i ein situasjon like mykje som eit produkt av ein kognitiv prosess», skriv Kløve Juul i si doktoravhandling.

For å forstå korleis ein brukar språket, skriv Howard Giles (1979) at ein må sjå på konteksten språket opptre i. Konteksten, saman med kjenslene til språkbrukaren, relasjonen til mottakarane og samtalepartnarane, stemninga med meir, er med på å påverke språkbruken (Isdal 2009).

Språkhandlinga kan vidare vere både medviten og umedviten. Filosofen Ludwig Wittgenstein gjorde dette til eit språkfilosofisk poeng i verket *Filosofiske undersøkelser*: «Et ords mening er dets anvendelse i språkspillet» (Wittgenstein 1953:§43). Kva ord betyr for oss, er altså avhengig av korleis det vert brukt, kven som brukar det, kva som har vorte sagt før og kva slags aktivitetar ein driv med når ein brukar det.

Britt Mæhlum presenterer vidare ei konstruktivistisk identitetsoppfatning – at identiteten er omskifteleg, den kan endrast over tid og er variabel. Identiteten er mangfalding og samansett. Identiteten kan dannast, konstruerast eller tileignast. Identitet er noko eg gjer, slik eg framstår gjennom åtferd, livsstil og utsjånad. Og til slutt: identitet er knytt til kulturen.

Mæhlum oppsummerer dette slik, og meiner vi har to ulike identitetar, éin som er personleg og éin som er sosial:

Den personlige identiteten har vært en karakteristikk av den delen av identiteten som gjør meg unik i forhold til andre, mens den sosiale identiteten er de egenskapene jeg har som har gjort meg kvalifisert til a være medlem i ulike gruppefelleskap. Det viktige er at disse to formene for identitet ikke kan sees uavhengig av hverandre. Tvert imot står de i et gjensidig avhengighetsforhold (Mæhlum 2003:108).

Dette stemmer godt med funna til Kløve Juuhl. Ho har undersøkt digitale tekstar til elleve tiandeklassingar. Ein av respondentar hennar seier: «Når eg skriv til venner skriv eg dialekt men når eg skriv til andre skriv eg bokmål, for det er mest normalt» (Kløve Juuhl 2014:134). Dette kan ein tolke på ulike måtar. Venene er nære, då passar det å skrive som eg snakkar. Andre er fjerne, då brukar eg eit normert skriftspråk, bokmål. Sidan respondenten skriv «eg» er kanskje bokmålet også respondenten sitt sidemål. Han eller ho markerer distanse gjennom språket.

Gudrun Kløve Juuhl hadde som utgangspunkt for arbeidet sitt at ungdom skriv ulikt i skule og fritid og «(...) kan hende så ulikt at ein kan forstå det som ulike verder» (Kløve Juuhl 2014:5) Dette fekk ho stadfesta i arbeidet sitt. Eg deler synet til Kløve Juuhl. Funna hennar stemmer også overeins med mine egne funn i undersøkinga: at valet av språk i stor grad vert styrt av kanal. I dei ulike kanalane finst det ulike målgrupper, og dei ulike kanalane har ulik funksjon. Ungdommane viser fleirspråklegheit.

Språket eksisterer altså ikkje berre som ein ting i seg sjølv, men er uløysleg knytt til språkbrukaren og konteksten rundt. Språket kan sjølvstendig studerast *an sich*, men om ein vil forstå bruken av det, må mennesket og verda rundt vere med. Språket er altså både eit produkt, ein prosess, ein del av det å vere eit menneske.

2.8 Eit eige nettspråk?

Finst det så eit eige nettspråk? Ivar Utne (2002:170-177) peikar på seks kjenneteikn for nettspråket. Spesiell bokstavform, forkortingar, bruk av kjensleteikn, innslag av engelsk, eigen teiknbruk og innslag av munnleg form. Utne ser alle desse kjenneteikna på alle slags nettbaserte tenester: både SMS, Internettsider og chat. Desse kjenneteikna er altså etablerte før den største mediekanalen,

Facebook, kom på lufta (2004). Det er seinare også forska på SMS-språket, språket i kommentarfelt på norske nettaviser, og masteroppgåva til Åshild Isdal (2009) om Facebook-språket som er basert på tre hovudinformantar og diskusjonar i ei Facebook-gruppe. Isdal si hovudproblemstilling var: «Hva kjennetegner det språket som blir benytta på Facebook? På hvilken måte påvirkes dette skriftspråket av forhold som relasjonen til mottager, emne, og grad av formalitet?» (Isdal 2009:3). Hovudfunna hennar er at språket på Facebook er noko annleis enn det normerte språket og at det inneheld forkortingar, akronym, uvanlege bokstavkombinasjonar, mangel på eller overdrive teiknsetting, kjensleord og kodeveksling, og at det er karakteristisk med innslag av dialekt og engelsk (2009:77).

Som eg var innom i førre kapittel, «Digitalt språk som identitetshandlingar», er det heva over ein kvar tvil at språket på Internett ofte har andre karakteristikkar enn «analogt» språk, men at det ikkje finst ein automatikk i dette. Om ein snevrar Internett inn til sosiale medium kan ein seie det noko meir presist. Dei ulike digitale kanalane er rett og slett for ulike til å handsamast under eitt. Omgrepet *nettspråk* blir i 2014 for vidtomfemnande. Dette er ei viktig årsak til at eg har valt å sjå nærare på Facebook-språket åleine, for det er ein ganske annleis kanal enn til dømes SMS, sjølv om SMS (som kom før Facebook) kan ha medverka til at språkpraksisen har vorte overført frå SMS til sosiale medium. Ingen har vedteke at det skal vere slik, det har berre vorte slik.

Om ein ser på sanntidsskriving på Facebook som ein snakkesamtale, er Peter Burke (1993) inne på dette i boka *The Art of Conversation*. Burke ser på retorikken i samtalen og korleis samtalar har utvikla seg historisk. Burke gjere greie for at synet på samtalar har endra seg dei siste hundre åra og skriv: "From the art of showing oneself to be well bred to that of acquiring confidence, 'breaking the ice', and making friends" (Burke 1993:90).

Funksjonen til samtalen kan altså både vere retorikk, kunst, danning og ein rein sosial reiskap i kontekstuelle relasjonar mellom menneske: å skape og vedlikehalde venskap. Dette vil eg hevde er eit kjernepunkt i forståinga av Facebook. Ved hjelp av bilete og ord på skjermen vert vi kjende med kvarandre. Vi byr på oss sjølve og inviterer kvarandre inn. Vi fortel kven vi er på ein personleg måte, deler av vårt private fotoalbum og bilete av oss sjølve – med munnlege tekstar som følgjer på dialekt. I ein blogg kan ein ikkje vente å få svar med det same. Med Snapchat, SMS og Facebook ventar vi rask respons. Skrivninga på Facebook er ikkje ein einesamtale, men ein dialog som skjer meir eller mindre her og no. Det er i samspelet mellom tekst og private bilete at brukaren tek til å skrive dialekt. Det same gjeld for Snapchat, der eit bilete er synleg på skjermen i nokre sekund, saman med ein kort tekst: mekanismen er den same her. Dette ser vi att på resultata av denne studien: SMS, Snapchat og Facebook skil seg ut når det gjeld snakkeskriving.

3.0 Internett og sosiale medium

Internett er eit digital kommunikasjonsmiddel som har brukarar over heile verda. Det er både eit middel og eit medium og for å bruke det, trengst ei datamaskin. Internett er ei rekkje datamaskiner kopla saman til eit datanettverk og det finst ulike tenester du kan bruke gjennom Internett. Internett er summen av serverar som kommuniserer med kvarandre, og ein kan ha tilgang til desse serverane gjennom alt som har ein nettlesar, anten det er ein mobiltelefon, ein datamaskin eller smart-tv.

Teknologien vart etablert på 1960-talet. Det var det amerikanske forsvaret som utvikla forløparen til Internett, Advanced Research Projects Agency Network (APRANET), som skulle vere ein sikker kommunikasjonskanal i ei verd prega av kald krig. I 1982 vart APRANET delt i ein militær og ein open, allmenn del, og Internett slik vi kjenner det i dag, vart fødd (Anon. U.å.b).

I dag er Internett ein kanal for kommunikasjon, eit stort og internasjonalt kjøpesenter, ein møtestad, ein publiseringskanal og mykje meir. Sosiale medium er internettbasert, og har funne sin plass i det digitale universet.

3.1 Kva er sosiale medium?

«Sosiale medium er ett ställe der man kan umgåås sina vänner och beretta for dem om sitt liv». Denne definisjonen til professor i journalistikk og kommunikasjon, Tom Moring ved Helsingfors Universitet (førelesing, april 2014), finst truleg enno ikkje i ei lærebok, men er ein god definisjon. For å skilje denne møtestaden frå eit tradisjonelt og fysisk hagegjerde har eg freista å legge til ordet digital:

«Sosiale medium er ein digital møteplass der ein kan vere saman med venene sine og fortelje dei om livet sitt».

Utviklinga av sosiale medium, må sjåast i samanheng med digitaliseringa av samfunnet. På slutten av 1980-talet starta ei vestleg digitalisering av dei tradisjonelle media, først og fremst aviser (Castells 2010:365-370). Folk starta i større grad enn før å produsere eige medieinnhald, som til dømes heimevideo av feriar og bryllaup. Teknologien vart meir tilgjengeleg og rimelegare. På 1980-talet vaks talet på fjernsynskanalar i USA frå 62 til 330. Då Internett kom, vart medievanane til folk endra for godt. Internett vart først utvikla i USA, som eit akademisk verktøy ved universiteta (Castells 2010:365-370), og liknande prosessar skjedde deretter i Europa. Internett gjekk frå å vere ein leikeplass for dataprogrammerarar og ingeniørar, til å verte den viktigaste kjelda for informasjon på 2000-talet. Den første norske nettavisa kom i 1995: Musikkavisa *Panorama* kom 1. mars, *Brønnøysund Avis* kom 6. mars (Anon. U.å.a.) og *Dagbladet* to dagar etter (Flo 2010:58). Dei første nettavisene hadde utspring i papirversjonar, og hadde få lesarar første åra. Først etter at Nettavisen.no

vart etablert i 1996 som «heilstøypt» digitalt produkt, altså utan å ha eit papirprodukt som utgangspunkt, skaut nettavisene fart her i landet. Dagbladet.no og VG.no hadde 17 000 daglege lesarar i 1996. I 1999 var VG største nettavis med 193 000 daglege lesarar og i 2013 hadde VG 1 992 000 lesarar på Internett (Anon. 2013a).

Det skulle likevel verte 2013 før norske nettaviser passerte papiravisene og året etter passerte eit sosialt medium eit tradisjonelt: i april 2014 passerte Facebook NRK1 og vart Noregs største mediekanal (Fossbakken 2014). 63 prosent av alle innbyggjarane i Noreg brukar Facebook kvar dag. I aldersgruppa 19 til 20 år er talet høgare. I aldersgruppa 15 til 29 år er den daglege dekninga 82 prosent. I undersøkinga eg har gjort, er talet endå høgare. Samtlege av dei 142 respondentane har profil på Facebook, 90 prosent er daglege brukarar.

Når ein ser på dei åtte største mediekanalane i Noreg, er det ein annan ting som skil seg ut: Alle produserer redaksjonelt innhald og har ein redaktør. Facebook har ingen av delane. Facebook produserer ikkje noko innhald sjølv og har heller ingen redaktør. Facebook er eit rammeverk for at brukarane sjølve skal produsere innhaldet i tekst, foto og video. Vidare kan brukarane dele redaksjonelt og ikkje-redaksjonelt innhald på sine eigne Facebook-profilar, sider eller grupper, som til dømes ein artikkel frå NRK, eit videoklipp frå YouTube på same plattform som dei publiserer private foto og videoar.

Den største skilnaden på sosiale medium og tradisjonelle medium er altså at tradisjonelle medium produserer innhald innanfor meir eller mindre faste rammer og former. Ofte er det journalistar eller filmskaparar som lagar innhaldet, og ofte er innhaldet produsert under leiing av ein redaktør. På sosiale medium er det brukaren sjølv som produserer innhaldet. Howard Rheingold definerer virtuelle

nettverk slik: “A self-defined electronic network of interactive communication organized around a shared interest or purpose, although sometimes communication becomes the goal in itself” (Rheingold 1993). Dette stemmer med definisjonen til Moring og desse to definisjonane utfyller kvarandre.

Sosiale medium er digitale møtestader som ofte er gratis å bruke, men dei krev registrering med brukarnamn og passord. Dette er tilfellet for Facebook.

Facebook vart grunnlagd av studenten Mark Zuckerberg i 2004 med namnet «thefacebook».

Nettstaden var dei to første åra ein intern katalog over studentar ved Harvard-universitetet, og i 2006 ekspanderte «thefacebook» utanfor campus (Anon. 2014a). Studentane fekk ein profil med eit bilete til kvar profil og det er eit hovudpoeng at bilete har stått sentralt på Facebook heilt sidan starten. Dette var digitalversjonen av den gamle studentguiden med bilete og namn på kvar student (på folkemunne kalla «sjekkheftet») som mellom andre Høgskulen i Volda hadde på 1990-talet. Her kunne ein orientere seg om kven som var kven og korleis folk såg ut.

Facebook er ei plattform der ein registrerer seg. Du kan per 2014 sjølv velje kor open profilen eller sida di skal vere. Den kan vere lukka, heilt open, eller noko midt i mellom. Du kan ha den open ein dag og lukka den neste, dette regulerer ein sjølv.

Du koplpar deg saman med venner, som får tilgang til di side. Her kan du dele tekst, foto, bilete, videoar. Facebook sjølv produserer ingenting av innhald, og det er ingen redaktør eller raud penn som rettar på det ein skriv. Andre brukarar eller venner kan rapportere deg inn til Facebook, om du publiserer noko upassande eller straffbart. Kva som ligg til grunn for reguleringa av dette, er det

vanskeleg å finne skriftlege kjelder på. Dette er i alle fall ikkje noko som brukarar flest treng å tenkje på i kvardagen.

Det er grunn til å hevde at fråværet av ferdigprodusert innhald frå plattforma/nettverket sjølv er den viktigaste skilnaden på tradisjonelle medium og sosiale medium. Du er din eigen produsent, din eigen redaktør, din eigen publisist. Du kan like og dele andre sitt materiale, men nettverket er tufta på at alle bidreg til produksjon og deling av foto. Ofte kan produksjonen av skriftleg innhald, vere reint trivielle oppdateringar av det du gjer på eller tenkjer på nett no, som kva du skal ha til middag eller korleis badetemperaturen er. Så kan andre brukarar som har tilgang på profilen din, like, kommentere eller dele det du har skrive på eigen profil, og ikkje sjeldan fører oppdateringar til ein lang, digital dialog med fleire deltakarar.

Skrifta er i sentrum. Facebook har også ein tilleggsfunksjon for nettpratning , der ein kan ha skriftlege samtalar i realtid i eit eige vindauge. Nettpratninga kan føregå ein- til- ein eller i grupper ein sjølv definerer.

Med andre ord utfordrar sosiale medium gamle definisjonar: Ein kan på den same plattforma både publisere innhald frå ein sender til mange mottakarar, ein kan på same plattform kommunisere ein til ein, eller ein kombinasjon. Sosiale medium kan difor forståast som ein hybrid av eit personleg brev og eit massemedium, og kan veksle mellom desse.

At Facebook er så stort og viktig for brukarane, er ikkje ein typisk norsk trend, snarare ein global. «Facebook er ikkje berre den største, men også verdas mektigaste mediekanal», seier analysesjef i

NRK, Kristian Tollonen (2014). Per februar 2014 var det registrert 1,23 milliardar Facebook-kontoar i verda (Kiss 2014) og talet veks i skrivande stund.

Det er grunn til å hevde at utbreiinga av smarttelefonar i Noreg er ei viktig årsak til at Facebook har vakse. Ein smarttelefon kan koplast til Internett. I 2014 har 93 prosent av innbyggjarane i Noreg smarttelefon (Anon. 2014e). Dette er eit av dei høgste prosenttala i verda. Dei sosiale media er sosiale til alle døgnets tider, og uansett om du sit på do, på bussen, i klasserommet eller ved middagsbordet, er det digitale samfunnet tilgjengeleg for alle som har ei brukseining⁶ med Internett.

Sosiale medium er altså noko meir enn teknologi, det er noko meir enn kommunikasjon. Å bruke sosiale medium handlar kanskje mykje om *digital literacy*.

3.2 Digital literacy

Ein enkel definisjon på literacy er ei lese- og skrivekunne (Bäckström 2011). Det er lesing og skriving som går vidare enn rein bokstavering og koding av teikn, bruken av skrift. Omgrepet literacy vert brukt på mange ulike måtar og med ulik omsetjing (Kløve Juuhl 2014:24-27), men kan brukast både som *skrivekunne* og *skriftkultur*. Digital literacy kan forståast teknisk, som Aller Martins definisjon: «Digital literacy is the ability to succeed in encounters with the electronic infrastructures and tools that make possible the world of the twenty-first century» (Martin 2006).

I vår heimlege læreplan *Kunnskapsløftet* finn ein at elevar skal utvikle «digitale ferdigheiter». I Utdanningsdirektoratet sitt rammeverk for grunnleggjande ferdigheiter heiter det meir presisert og samstundes i mindre teknisk form:

⁶ Eg omset engelske *device* med *brukseining*. Det finst ikkje eit fullgodt, norsk avløyserord. Dei fleste brukar ordet *dings*. Med *device* meiner ein alt som kan koplast til Internett, frå mobiltelefon til nettbrett, datamaskin, spelekonsollar, smartfjernsyn. No kjem det også klokke og briller med Internett.

Digitale ferdigheter vil si å kunne bruke digitale verktøy, medier og ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkter og kommunisere. Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft gjennom å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk (Anon. 2013e).

Utdanningsdirektoratet legg seg dermed på same forståing som David Buckingham, som ser på digital literacy som kulturelle former for kommunikasjon, altså danning (Kløve Juuhl 2014:24-27). Konteksten og måten ein brukar språket på, glir inn i kvarandre og er under kontinuerleg påverknad frå kvarandre (Otnes 2011:21): «Selv om det finnes flere kontekstuelle dimensjoner i en kommunikasjonssituasjon, har ofte kontekstbegrepet vært grovinn delt i to hovedkategorier; den spesifikke, konkrete situasjonen kommunikasjonen inngår i, og den mer generelle, bakenforliggende konteksten».

Digital literacy er dermed eit komplekst emne, og det er ikkje reint lite Utdanningsdirektoratet vil at elevar skal lære seg ifølgje *Kunnskapsløftet*.

4.0 Vitskapsteoretisk metode

I denne oppgåva ligg det ein samfunnsvitskapleg kvantitativ metode til grunn. I dette kapittelet om metode vil eg gjere greie for kvifor denne metoden vart valt, drøfte føremoner og ulemper med valet, og kva alternativ eg hadde.

Føremålet med forskingsprosjektet var å kartlegge bruken av normert skrift og dialekt i sosiale medium generelt og Facebook spesielt, blant elevar i den vidaregåande skulen på Vestlandet, og kva faktorar som låg til grunn for valet. Hovudhypotesane er skildra i innleiinga. Det er fleire metodar ein

kunne ha tenkt seg å bruke for å finne ut av dette. Ein skil mellom to hovudgreiner i vitenskapsteoretiske forskingsmetodar, nemleg kvalitative og kvantitative metodar. Eg skal her kort gjere greie for desse.

Den kvalitative metoden har som kjenneteikn at ein har få respondentar og går i djupna på eit relativt avgrensa emne. Metoden er godt eigna for å finne ut kvifor, men ikkje like eigna til å vise representativitet. Det kan vere vanskeleg å avgjere om resultata frå kvalitativ forskning kan overførast til ein større populasjon. Det er klare avgrensingar på kor vidt ein kan nytte resultata av ein kvalitativ studie til større grupper, eller til eit større, geografisk område (Grønmo 2004:336).

Likevel kan dei kvalitative metodane gje stor forståing for årsak og verknad. Den kvalitative metoden har derimot utfordringar når det gjeld ressursar: Skal ein gjennomføre ein kvalitativ metode med mange respondentar i eit geografisk vidt område, krev det eit omfattande arbeid.

Ein annan mogleg kvalitativ metode er observasjon. Sidan emne for oppgåva er sosiale medium, går den nødvendigvis føre seg på Internett. Respondentane ligg nærast framfor nasen på forskaren. Det er berre å logge seg på det aktuelle sosiale mediet, og sjå på åtferda til respondentane. Det krev at forskaren har ein konto (ein slags medlemskap) i det aktuelle mediet, er ein registrert brukar og får tilgang til dei aktuelle respondentane sine profilar. Forskaren vert dermed ein deltakar, ikkje berre ein tilskodar.

Det er likevel fleire aspekt ved Facebook som gjer dette problematisk, både i høve til forskningsetikk og reint praktisk. Facebook har ei tilrådd aldersgrense på 13 år, men mange yngre brukarar har profilar, det er ingen faktisk kontroll. Det finst også ei rekkje tulleprofilar eller falske profilar. Ein har ikkje noko kontroll over brukarane, til dømes kor gamle dei er eller kvar dei bur. Nokre medlemmer

har opne profiler, andre lukka. I tillegg kan brukaren sjølv endre innstillingane for sin eigen profil, slik at den er ulik både til ulike tider, og til ulikt publikum. Dette gjer det særst risikabelt å sette i gang eit forskingsprosjekt knytt til profiler.

Ein kan elles ikkje utan vidare sette i gang ein observasjonsstudie av umyndige. Å hente inn løyve både av myndige og umyndige, vil vere eit stort og tidkrevjande prosjekt. Kvalitativ metode krev ofte nærvær. Ein observasjonsstudie vil heller ikkje fange opp dei som ikkje har registrert seg som brukar på Facebook. Vi får rett og slett vanskar med å seie kor mange brukarar det finst i det aktuelle området og i den aktuelle aldersgruppa. Dermed kan det vere vanskeleg å seie kor viktig Facebook er, kor mange brukarar det er i aldersgruppa og kor mykje tid den einskilde brukar. Ved rein observasjon av personar, kan ein heller ikkje stille komparative spørsmål som handlar om bruken den einskilde har i andre sosiale medium, som Twitter eller Snapchat. Det har også vore eit poeng i dette prosjektet.

Det finst ei rekkje geografiske grupper på Facebook, til dømes «Kjøp og sal på Voss». Dette er ein lokal marknad, der ein kan bli medlem i gruppa, for privat kjøp og sal av varer og tenester – alt frå kattungar til vaskemaskiner. Somme grupper er opne, andre er lukka. Også her kan brukargrensesnittet plutselig og ofte utan forvarsel endre seg. I tillegg er det ofte mange personar som er medlem i gruppa, som ikkje nødvendigvis bur i området, som Voss. Det kan vere folk som ofte er på besøk, eller folk som kjøper opp saker og ting frå heile landet. Underteikna har i lang tid vore medlem i ei rekkje slike grupper, nettopp for å vurdere om observasjon av språkpraksis i slike grupper kan vere ein eigna metode. I innleiande kartleggingsfase i dette arbeidet har det ikkje vore nokon av dei som administrerer desse gruppene som har spurt meg om kva eg gjer i gruppa eller kven eg er. Eg bur ikkje på Voss, har ingen tilknytning til staden, og dermed er eg heller ikkje nødvendigvis

ein representativ «vossaspråkbrukar». Dermed kan ein ikkje seie sikkert om dei andre medlemmane er det heller. Kven som helst kan i prinsippet melde seg inn i ei «vossagruppe».

Stadige endringar i brukargrensesnittet og usikkerheit kring profilar og grupper, gjorde at observasjon som metode var for usikkert og lite eigna for dette prosjektet. Men det skal seiast at det er observasjon av språkbruk på Facebook i grupper og i nyheitsstraumar som er sjølv årsaka til prosjektet – slik vart ideen til.

Eit tredje alternativ innan kvalitativ metode er intervju. Eit intervju kan gå føre seg anten skriftleg eller munnleg, i gruppe eller individuelt. Eit intervju kan følgje eit skjema med førebudde og faste spørsmål, eller eit meir ope intervju. Intervjuet har både føremoner og ulemper. Den mest openberre ulempen er at det er tidkrevjande. Vidare kan opne intervju gjere at det innsamla materialet vert noko ulikt og vanskelegare å setje opp i tabellar. Særleg gruppeintervju kan gjere at einskildpersonar tek styringa og påverkar dei andre deltakarane. Ein openberr fordel er at respondentane kan utdjupe svara, kome med tilleggsopplysningar og spørje om det er noko uklart.

Den kvantitative metoden er meir eigna til å samle inn større mengder data. Kvantitativ metode har som føremål å hente inn data frå ein populasjon som er så stor at den kan bli mest mogleg representativ. Denne metoden samlar inn data i talform. Metoden er eigna til å hente inn deskriptive data, og data som korrelerer med kvarandre. Her kan ein sjå på om det til dømes er skilnader på kvinner og menn sin bruk av dialektnær skrivning, eller ein kan sjå på geografiske forhold. Er det til dømes fleire i Sogn og Fjordane som skriv dialekt enn dei i Rogaland? Omgrepet statistisk signifikans er vesentleg; kor vidt ein kan falsifisere eller verifisere hypotesar sett opp på førehand (De Vaus 2007:69).

Den kvantitative metoden er mindre fleksibel og meir låst enn den kvalitative. Plutselige idear, innfall som respondenten får undervegs, passar ikkje nødvendigvis inn i dei oppsette spørsmåla. Det er likevel opne felt i skjemaet knytt til einskilte spørsmål, der respondentane kan svare oppe og utfyllande. Dette kunne ha vore gjort i endå større grad i arbeidet mitt for å fange opp andre svaralternativ enn det eg hadde førebudd.

Ein mogleg variant er ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ metode. For at ein slik kombinasjonsmetode skulle hatt stor verdi, ville eg måtte ha reist i fire fylke og gjennomført til dømes gruppeintervju eller gjort individuelle intervju via møte, telefon, nettprat eller e-post. Det vart for omfattande for dette prosjektet, men kan vere noko for seinare forskning for den som arbeider med emnet.

Sjølv om ein grovdeler dei vitenskaplege metodane i kvalitativ og kvantitativ metode, har begge eigenskapar og kjenneteikn frå den andre. Kvantitativ metode kan sjølvstøtt også seie noko om *kvifor*. Såleis har denne undersøkinga kvalitative trekk, men ein kvantitativ base.

Induktiv eller deduktiv metode?

I samfunnsvitenskapen skil ein gjerne mellom induktiv og deduktiv metode. Den induktive metoden handlar om å gå inn i problemstillinga med opne forventningar, utan å ha laga seg hypotesar om korleis ting kjem til å sjå ut, for så å lage teoriar etterpå. Den deduktive metoden vil seie å ha laga seg hypotesar på førehand som ein ynskjer å teste, for så å finne svaret i ei undersøking. Ei openberr svakheit med den siste, er at forskaren kan ende opp med å sjå det han ventar å sjå.

Forsking på menneske er ikkje matematikk. Forskaren har gripe tak i problemstillinga med nysgjerrigheit. Dette arbeidet har element både av deduktiv og induktiv metode. Det ligg ein hovudhypotese til grunn, og så er det meir ope kva som er årsaka til det som kan bli «svaret» på hovudhypotesen, dersom den ikkje vert falsifisert. Men elevane skal svare på gitte moglege årsaker til at dei til dømes skriv på dialekt. Mange av spørsmåla har eit ope alternativ, «anna», der respondentane kan skrive kva dei vil. Ikkje så mange har skrive mykje her. Her kan ein godt innvende mot metode og svaralternativ at forskaren har leia respondentane ein viss veg. Korleis hadde svara sett ut, dersom spørsmålet *ikkje* hadde hatt svaralternativ? Å gjennomføre eit forskingsprosjekt handlar om å velje, og å velje vekk. Eg kjem attende til dette etter kvart.

4.2 Reliabilitet og validitet

Er dataa som er samla inn pålitelege? Dette er kjernes spørsmålet i vurdering av reliabilitet. Eit sentralt spørsmål er då korleis forskaren sjølv har innverknad på undersøkinga. Observatøreffekten er ei kjend problemstilling, der forskingsobjekta endrar åtferd, fordi dei veit at dei er forska på. Elevane i denne studien veit at dei er deltakarar i eit forskingsprosjekt og dei har sagt ja til å vere med. Ein kan difor ikkje sjå vekk frå at svara frå respondentane ikkje er hundre prosent sanne. Svara kan endrast, eller skjønnmålast, dersom respondenten til dømes føler at ho må svare «rett» eller vere «flink». I følgjebrevet til undersøkinga og i instruksjonen til læraren, vart det difor lagt stor vekt på at det ikkje er rette eller galne svar. Det har vonleg auka reliabiliteten, men det er vanskeleg å måle.

Validiteten til datamaterialet handlar om kor vidt datamaterialet er gyldig eller ikkje. Omgrepet gyldig kan forståast vidt. I denne samanhengen meiner eg om ein undersøker det ein har sagt ein skal undersøkje. Om ein hadde vilja undersøkt 19-åringar sin språkbruk på Facebook og spurt foreldra

deira om dette, hadde resultatet truleg vore annleis. Informasjonen kjem frå brukarane sjølve, dei er primærkjelder. Dette aukar validiteten.

4.3 Utvikling av spørjeskjema og spørsmål

Spørsmåla i skjemaet er utvikla av underteikna, med innspel undervegs frå rettleiar Stephen J. Walton. Eg har også sett på korleis Anders Aanes (2011) utforma sine spørsmål i masteroppgåva hans. Det har vore eit mål at språket skal vere mest mogleg nøytralt og at elevane skal oppleve at det er få eller ingen føringar eller forventningar i spørsmålsstillinga eller i svaralternativa. Skjemaet har ein versjon på nynorsk og ein på bokmål. Spørjeskjemaet startar med å spørje om alder, kjønn og kva skule dei går på. Dette kunne moglegvis ha kome til slutt. Kunne tidlege spørsmål om kjønn ha planta ei forventning i respondenten om at kvinner og menn gjer ting på ulik måte? Det kan vi ikkje sjå vekk frå. Eg har gått gjennom ei sjekklister frå David De Vaus si bok *Surveys in Social Research* (2007:97) og tatt utgangspunktet i denne for å passe på følgjande: Er språket enkelt? Kan spørsmålet forkortast? Er spørsmålet dobbelt? Er spørsmålet negativt? Kan respondenten svare på dette? Vil respondentane tolke spørsmålet likt? Er det føringar i spørsmålet? Er spørsmålet tvetydig? Er spørsmålet for snevert? Er premissane for spørsmålet klart? Fører spørsmålet til kunstige svar? Er det best med personleg eller upersonleg språkføring? Er det for mange detaljar i spørsmålet? Får respondenten presise og relevante svaralternativ?

Eg testa spørsmåla på nokre personar i omgangskrinsen og justerte skjemaet etterpå. I etterkant ville eg ha testa det endå betre, til dømes på ei skuleklasse i nærmiljøet der eg kunne ha snakka med elevane etterpå. Testpersonane var også eldre enn elevane i utvalet mitt. Ved å ha ei anna testgruppe kunne eg ha fått arbeidd fram andre svaralternativ, og resultatet kunne ha vorte meir presist. Heilt konkret gjeld dette til dømes variablane eg presenterer som alternativ for kor mange gonger dei er

innom Facebook kvar dag. Bruken av Facebook er meir omfattande enn eg trudde. Her var det siste alternativet på spørsmålet om kor mange gongar respondenten er innom Facebook dagleg «meir enn fem gonger». Her kunne eg ha hatt fleire alternativ, til dømes mellom fem og sju, mellom åtte og ti, eller fleire enn ti gongar.

Undersøkinga vart gjort med hjelp av ein lærar, i ein skuletime. Underteikna var ikkje til stades. Sjølv om deltaking var frivillig og eleven fekk informasjon om dette både skriftleg og munnleg, kan det drøftast kor frivillig eleven opplevde dette. Eleven kan ha oppfatta undersøkinga som ei prøve eller eksamen, og prøve å svare «rett». I følgjeskrivet som eleven fekk, var det presisert at det ikkje fanst «rette» eller «galne» svar. Eg vonar dette har gjort at mange har svart så ærleg dei kan.

Ein kan ha så mange sjekklister ein berre vil og likevel kan ein spørje: Finst det i det heile teke eit nøytralt spørjeskjema? Professor Ketil Skogen meiner det er naivt å tru at vitenskapen er nøytral: «Forestillingen om at vitenskapen kan produsere nøytrale fakta i et sosialt vakuum er ytterst naiv(...)» (Gjengitt i Aanes 2011:62). Eg les Skogen som om han meiner at all forskning står i ein kontekst, naturvitenskapleg forskning inkludert, og har freista å ta med meg dette perspektivet i drøftingane mine.

4.4 Innhenting av data i undersøkinga

I denne spørjeundersøking vart det brukt eit digitalt spørjeskjema frå Questback. Eit digitalt skjema matar data rett inn eit program, som kan eksporterast til andre program, for å lage til dømes grafar og samanstillte materialet. Eit digitalt skjema gjer det lett å lage statistikkar, og ein slepp å føre det frå eit handutfyllt skjema og over på datamaskin. Eit digitalt skjema har også dei føremonene at ein får

melding om det er feil i skjemaet. Questback er eit av dei mest brukte programma for innsamling av større datamengder og det var den viktigaste grunnen til at eg valde det.

Elevane fekk lenkja til det elektroniske spørjeskjemaet frå læraren sin i timen der undersøkinga vart gjort. Ei svakheit ved metoden er at det er teknisk mogleg for ein elev å svare to gongar, dersom ein har kunnskap om dette og går inn for det. For å forhindre dette, vart undersøkinga gjennomført med lærar til stades i klasserommet i ein ordinær skuletime. Lenkja til spørjeskjemaet vart fjerna med ein gong etter at skuletimen var over. Dersom nokon skulle vere interesserte i å bruke loggen på maskina og gå inn, til dømes i timen etterpå, var dette teknisk mogleg. Dette vil i alle høve vise att i datamaterialet, fordi tidspunktet for innsending er synleg for meg. Det er ingenting ved det innsamla materialet som tyder på at ein elev har sendt inn skjemaet meir enn ein gong. Det var ein openberrisiko, som eg valde å ta. Men det ser ut til å ha gått bra. Deltakinga i undersøkinga var frivillig, men det var ingen som takka nei. Ein kan sjølvsagt drøfte om eleven har følt eit sosialt press for å delta. Det er ikkje noko som tyder på det, men sidan eg ikkje var fysisk til stades i klasserommet, er det vanskeleg å vurdere. Fleire av lærarane har vore entusiastiske til denne undersøkinga og for dette skuldar eg dei ein stor takk, sjølvsagt saman med elevane sjølve, som er dei viktigaste her.


4.5 Utval og representasjon

Elevane er valde med stor geografisk spreining på Vestlandet, frå Dalane i Rogaland i sør til Stranda i Møre og Romsdal i nord. Sidan dette skulle vere ei undersøking på Vestlandet, var det viktig at alle vestlandsfylka var representerte, noko dei også vart. Geografisk spreining av elevane var noko eg ynskte på førehand, men kva skular som enda opp som deltakande i kvart einskild fylke, er noko tilfeldig. Somme sa ja, andre sa nei, andre igjen svara ikkje, og då ringde eg vidare på lista.

Kommunane skulane ligg i, varierer mellom om lag 15 000 innbyggjarar (Eigersund) til 4600 innbyggjarar (Stranda). Ingen av stadene har høgskule/universitet. Alle kommunane har nynorsk som administrasjonsspråk, unntatt Eigersund, som har bokmål. Eg synest det var viktig at Dalane i Eigersund kommune vart med, sidan fleirtalet av elevane der har bokmål som hovudmål. Målet var å få med ein slik skule, fordi dette kunne gje ein indikator på om nynorskelevar og bokmålselevar brukar skriftspråket likt eller ulikt.

Til saman er det 142 respondentar med i undersøkinga, men det kunne godt ha vore fleire. I kvantitative granskingar er det som regel betre dess fleire respondentar ein har. Utvalet i denne undersøkinga er for lite til at det er statistisk representativt. Ein skal difor vere varsam med å generalisere ut frå eit slikt datagrunnlag.

Kart over skulane som deltok i undersøkinga:



Gjennomføring av undersøkinga

Gjennomføringa var sett til juni 2014. Føremålet med dette var at eksamenane var ferdige, men at elevane framleis var på skulen. Tett oppfølging av skulane var nødvendig. Berre to av rektorane svarte på første e-post. Dei andre trong oppfølging både via e-post og telefon. Ein av skulane som opphavelig var tenkt å vere med, trekte seg like før gjennomføring av praktiske årsaker. For å unngå at talet på respondentar vart lågare, fekk eg tilgang til ei ekstra klasse ved ein av dei skulane som allereie hadde sagt ja til å delta. Det totale talet på respondentar vart dermed ikkje redusert. Det er fleire kvinner enn menn samla sett i undersøkinga, men dette visste eg ikkje på førehand. Heile klasser har delteke og så har det vore tilfeldig at det er fleire kvinner i desse klassane. Alle klassane svara på avtalt tidspunkt og det var ingen tekniske problem knytt til gjennomføringa som eg kjenner til.

4.6 Anna forskning på Facebook-språket

Nettspråk og SMS-språk er det forska ein del på. Gudrun Kløve Juuhl har i doktoravhandlinga si sett på ei rekkje digitale tekstar frå ungdom og studert desse som retoriske situasjonar.

Hovudkonklusjonen hennar er at kanal og mottakar i stor grad styrer språkvalet.

Som eg tidlegare har drøfta, er Facebook i ei særstilling blant sosiale medium når det gjeld skriving i sanntid. Facebook opnar for elektroniske dialogar, og brukaren ventar raske svar. I tillegg har mange ein meldingsfunksjon («push») som gjer at ein vert varsla når ein får ein kommentar eller melding, og ein slepp å logge seg på for å sjekke dette. Jamføringar med andre plattformer kan vere relevante og kan gje eit utfyllande bilete av digital skriftkultur blant ungdom, men funn frå til dømes SMS er ikkje

nødvendigvis overførbare på alle punkt. Difor ynskjer eg å sjå på Facebook-språket åleine. Dette er det gjort noko kvalitativ forskning på i Noreg, men ikkje mykje.

Berit Skog ved NTNU gjorde ei undersøking om dialektbruk på SMS og MMS i 2003. I rapporten *MMS- MOBIL MED SMIL ©, rapport fra Forskingsdagene i Trondheim*, deler Skog inn språket i *kreativt* og *normert* språk. I det *kreative* språket legg ho dialektane. 73 prosent av respondentane til Skog seier at dei skriv dialekt på SMS. Undersøkinga til Skog er gjennomført i Trøndelag, og er ikkje representativ.

Berit Skog utvidar porteføljen med spørsmål om dialekt på Facebook nokre år seinare. I 2008 gjennomførte Skog ei spørjeundersøking under Forskingsdagane, også dette i Trondheim. Undersøkinga omfatta 560 personer i alderen 15 til 30 og over, som har profil på Facebook. Undersøkinga er ikkje statistisk representativ. Funna er publiserte i *Språknytt* 2/2009. Det er vanskeleg å jamstille resultatane frå Skog med mi eiga undersøking. Skog har fleire respondentar, men truleg er majoriteten frå det same geografiske området, Trøndelag, sidan opplysningane er samla inn i Trondheim. Undersøkinga sorterar ikkje resultatane i alder på same måte som denne undersøkinga, heller ikkje etter geografi. Seksti prosent av respondentane svarer at dei skriv på dialekt. Skog drøftar årsakene til dette i artikkelen i *Språknytt*, men respondentane har ikkje sjølv oppgitt årsaker til skrivepraksisen. Sidan materialet ikkje er publisert i sin heilskap, er det difor vanskeleg å samanlikne mine egne funn med resultatane frå undersøkinga til Skog.

Åshild Isdal skriv om skriftlege praksisformer på Facebook i ei masteroppgåve i 2009. Isdal har gjort ein kvalitativ studie med tre informantar ho har intervjuet via chattekanalen MSN. Samstundes har

Isdal hatt ei opa diskusjonsgruppe på Facebook med egne venner og venners venner om emnet sitt. Ho viser også til artikkelen i *Språknytt* av Skog.

Isdal fokuserer på dialektbruk på Facebook og også andre brot på normalortografi, og presenterer ingen prosentar, til det er utvalet hennar naturleg nok for lite. Isdal presenterer snarare døme ho har funne hjå informantane sine og set dei inn i ein sociolingvistisk teori. Hovudfunna til Isdal er at språket på Facebook kan karakteriserast som *talemålsnært og annleis* enn normert skriftspråk.

Isdal drøftar inntrykket ho har at dialektskriving er meir utbreidd hjå personar som ikkje ligg tett inn til bokmålsstandard. Ho hevdar vidare at det kanskje kan vere «lettare» for ein nynorskbrukar å bruke dialekt. Dette skal eg kome attende til i min drøftingsdel.

Er dialektskriving eit særnorsk fenomen?

I masteroppgåva ”Jo häjjo, ha du vari å fiska någi åå då?” Ålänningars dialekt och identitetsskapande på Facebook, i e-post och i SMS-meddelanden» av Julia Kimell (2013), er det undersøkt om kva språk personar frå Åland brukar når dei skriv statusoppdateringar på Facebook. Ein dryg tredjedel av informantane svarer ja på spørsmålet om dei skriv på dialekt. Talet er noko lågare enn resultatet av mine egne funn og datagrunnlaget er nokså ulikt i dei to undersøkingane. Det kan vere fleire årsaker til det. Likevel viser undersøkinga frå Åland at dialektskriving på Facebook ikkje er eit fenomen som opptreer i Noreg åleine. Denne undersøkinga gjeld berre Åland, eit lite, geografisk område, som i tillegg er eit svensk språkområde i Finland med indre sjølvstyre.

I USA er det publisert eit interessant arbeid om emnet. Rachel Salia (2011) drøftar i masteroppgåva

“Between Arabic and French Lies the Dialect. Moroccan Code-Weaving on Facebook» om marokkanarar er i ferd med å skape ein ny språkkode, med noko ho kallar *chatspeak*. Salia viser døme på korleis markokkanske Facebook-brukarar blandar saman den arabiske dialekten darija med engelsk og fransk. Salia kallar det ein *internasjonal kvasikode* og hevdar at dette kan bli ein komplett språkkode i framtida. Dialekten som Salia skisserer er dermed ikkje heilt samanliknbar med det vi i Noreg oppfattar som dialekt, men omtalar dialekt som ei blanding av fleire språk. Eg kjem attende til dette i kapittel 6.0 *Drøfting av resultata*.

Førebels finst det ikkje mykje anna forskning å samanlikne med, og difor er det heller ikkje grunnlag for å endeleg konkludere om kor vidt norsk ungdom skriv meir eller mindre dialekt på Facebook enn ungdom i andre land eller språkområde utanfor Noreg. Men at fenomenet finst i fleire land, er på det reine.

5.0 Presentasjon av datamaterialet

Undersøkinga mi omfattar 142 respondentar frå vidaregåande skular i dei fire vestlandsfylka Møre og Romsdal (Stranda vidaregåande skule, to klasser), Sogn og Fjordane (Eid vidaregåande skule og Flora vidaregåande skule), Hordaland (Voss vidaregåande skule) og Rogaland (Dalane vidaregåande skule). Undersøkinga er ikkje statistisk representativ, og ein skal vere varsam med å generalisere desse funna til heile ungdomsgruppa. Undersøkinga mi er, så vidt eg kan finne, likevel den største innsamlinga av materiale av denne aldersgruppa på Vestlandet om dette emnet. Sjølv om ein ikkje kan generalisere, kan funna seie noko om ein *tendens*.

Eg presterer hovudfunna og eit utval av tabellane her, men alle tabellane ligg som vedlegg til dette arbeidet.

5.1 Om respondentane


Respondentane i denne undersøkinga er for det meste 18 og 19 år, medan seks prosent er 20 år. Alle går siste året på vidaregåande skule. Det er 62 prosent kvinner og 38 prosent menn med i undersøkinga.

Alle respondentane: 100 prosent har profil på Facebook. Det er difor ingen som fall av undervegs. Respondentane har i all hovudsak norsk som førstespråk: 94 prosent. Med andre ord kan vi seie at språkgruppa er homogen norsk.

Har dei nynorsk eller bokmål som hovudmål?

Tabell:

Kva er hovudmålet ditt?



1	Nynorsk
2	Bokmål


Det er altså eit fleirtal nynorskbrukarar i denne studien. Elevane vart så spurde om dei har bytt hovudmål i løpet av grunnskulen (tabell 7 i vedlegget). 13 prosent har bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål, medan 2 prosent har bytta andre vegen.

5.2 Om bruken av Facebook

90 prosent av respondentane brukar Facebook kvar dag. Facebook er ikkje berre tilgjengeleg via datamaskin, men finst i mobilversjon og også som eigen applikasjon til smarttelefonar. Det gjer at Facebook er tilgjengeleg også når ein er på farta.

Tabell:

Kor mange gongar er du i gjennomsnitt innom Facebook kvar dag?



1	Om lag ein gong om dagen
2	To-tre gongar
3	Tre-fem gongar
4	Meir enn fem gongar
5	Veit ikkje


Det er viktig å presisere her at dette går på kva respondenten meiner om eigen bruk. Dei aller færreste fører nokon logg over dette, og sveipar truleg innom Facebook no og då. Likevel har nok dei fleste ei

formeining om omtrent kor mange gongar dei brukar å vere innom. Som søylene viser er over halvparten av respondentane innom Facebook meir enn fem gongar kvar dag. Her skulle eg gjerne ha hatt fleire variablar. Dette kjem eg attende til i drøftingsdelen seinare. I tid brukt på Facebook er spreinga større:

Tabell:

Kor mykje tid vil du seie du brukar på Facebook kvar dag?

Ifølgje Norsk Gallup brukar ungdom i Noreg ca ein time på Facebook kvar dag. No lurar eg på kor mykje tid du brukar.



1	Under ti minutt
2	10-20 minutt
3	20-40 minutt
4	40-60 minutt
5	Om lag 1 time
6	1, 5 time
7	1, 5 - 2 timar
8	Meir enn 2 timar
9	Veit ikkje

Her har eg lagt inn informasjon frå Norsk Gallup. Dette var eg usikker på om var rett. Årsaka til at eg valde å gjere det, er at smarttelefonane og eigne mobilapplikasjonar for Facebook, gjer at det er raskt


å berre sveipe innom utan å nødvendigvis måtte logge på med brukarnamn og passord. Ein treng ikkje vere der meir enn nokre sekund for å kunne sjekke om ein til dømes har fått ei melding. Summen av desse minutta kan vere vanskeleg å vurdere. Men då det er vanskeleg å vurdere tidsbruken, har eg lagt til tal frå TNS Gallup. Det er vanskeleg å vurdere om dette kan ha spelt inn den eine eller andre vegen i svara.

Når denne oppgåva er ferdigstilt, har Facebook flytta meldingane sine for dei som brukar Facebook på mobil (dei såkalla *direkte meldingane*) over i ein eigen applikasjon med namnet *Messenger*. No kan ein altså sjekke meldingane sine, utan å vere innom hovudapplikasjonen, det «eigentlege» og originale Facebook. Dette var ikkje mogleg i juni då dette materialet vart samla inn, *Messenger* var ikkje lansert slik den no fungerer i oktober 2014. Facebook-brukarane måtte altså i juni innom Facebook, for både å ha tilgang til profil, sider, nyheitsstraum og direkte meldingar.

Vi ser av grafen at majoriteten brukar ein stad mellom tjue minutt og ein time på Facebook kvar dag. Det er interessant å sjå at det er fleire som brukar mykje tid på Facebook, enn dei som brukar lite. Det er over dobbelt så mange som brukar over to timar dagleg på Facebook, enn dei som brukar under ti minutt.

Tabell:

Kor viktig er Facebook for deg?



1	Veldig viktig
2	Viktig
3	Verken viktig eller uviktig
4	Uviktig
5	Veldig uviktig


Denne tabellen viser at berre nokre få seier at Facebook er *uviktig* for dei. Til saman er det berre dryge fem prosent som seier at Facebook ikkje er viktig.

33 prosent svarer vidare at Facebook er viktig, medan halvparten seier verken viktig eller uviktig. Her har eg ikkje lagt inn noko å jamføre med. Respondentane har ikkje tatt stilling til om Facebook er viktig i høve til noko anna, men om det er viktig i seg sjølv. Om ein hadde stilt spørsmålet om Facebook er meir eller mindre viktig enn til dømes skjønnlitteratur, TV eller fotball, hadde nok svara vore annleis. Spørsmålet om kor viktig Facebook er, heng sjølvsagt saman med både tidsbruk og nettverk. Dersom «alle andre» er der «heile tida», vil dette sjølvsagt påverke bruken til den einkilde.

Eg ville difor vite kor stort nettverk respondentane hadde. No er det sjølvsagt ikkje slik at mange venner er lik eit godt nettverk, få venner kan også bety eit tett nettverk med nære relasjonar. Dette har eg ikkje gått vidare inn på. Tala under viser i alle fall at elevane har eit nettverk på Facebook som ofte er større enn elevtalet ved skulene dei går på. Stranda vidaregåande skule har 180 elevar, medan Dalane er størst med nærare 700 elevar.

Tabell:

Kor mange venner har du på Facebook?



1	Under 100 venner
2	Mellom 100 og 300 venner
3	Mellom 300 og 500 venner
4	Over 500 venner
5	Over 1000 venner

I etterpåklokskapens lys burde eg hatt eit svaralternativ for dei som har mellom 500 og 700 eller 500 og 800 venner. Spranget mellom «over 500 venner» til «over 1000» venner kan ha vore for stort. Eg skulle ynskje eg hadde meir presise svar og dette ville eg gjerne ha gjort annleis. Likevel så ser vi at nettverket til desse ungdommane er relativt stort. Det er grunn til å tru at dei aller færreste er «analoge» venner med alle medelevane på skulen, mange veit kanskje ikkje kva alle heiter ein gong, men i den digitale verda er vennekrisen stor. Sosiale medium avgrensar seg sjølvsagt heller ikkje i

rom. Her kan ein vere venn med dei på fotballaget som høyrer til ein annan skule, slektningar andre stader i landet, dei ein møtte på speidarleir og endåtil bestemor si. Det går sjølvsagt an å vere «venn» med folk ein aldri har møtt, men som ein kanskje ser opp til, eller som ein ynskjer å bli assosiert med.


Eg har ikkje bede respondentane spesifisere eller kategorisere vennene sine på Facebook, så her veit vi berre noko om volumet, ikkje kven dei er og heller ikkje kva slags ikkje-digitale relasjonar som eventuelt ligg til grunn.

5.3 Språket på Facebook

No har vi kome til det som er hovudtemaet i dette arbeidet, nemleg språket på Facebook. Her ynskte eg å få vite kva skriftspråk elevane skriv og korleis dei grunngjev praksisen. Eg har stilt spørsmålet i to steg. Årsaka til at eg har gjort det slik, er at dei andre undersøkingane om det digitale språket til ungdommen, viser at ungdom vekslar mellom ulike språkuttrykk, som eg gjorde eg greie for i den teoretiske delen av oppgåva. Ungdommane kan skrive nynorsk ein dag, engelsk den neste og dialekt den tredje. Språkvalet er kontekstuel. Det handlar om kvar ein skriv, kven ein skriv til og kva ein skriv om. Dette kan sjølvsagt også variere på Facebook. Eg har ikkje stilt spørsmål om kjensleteikn, eg har også valt vekk spørsmål om forkortingar, bruk av store bokstavar, innslag av framandspråk, teikn generelt og teikn som markerer handling , slik som i dette dømet: **ler**. Eg spør dei rett og slett om «språk» og har ikkje lagt inn svaralternativ om alt dette andre.

Tabell:

Når du skriv statusoppdateringar eller kommenterer på Facebook. Kva språk brukar du?



1	Nynorsk
2	Bokmål
3	Dialekt
4	Engelsk
5	Andre språk
6	Eg brukar både nynorsk og bokmål
7	Eg brukar både dialekt og nynorsk
8	Eg brukar både dialekt og bokmål
9	Eg brukar både dialekt, nynorsk og bokmål
10	Eg brukar både dialekt, nynorsk, bokmål og engelsk
11	Anna


Her ser vi at engelsk, andre språk, og kombinasjonen nynorsk/bokmål så og seie er fråverande. 39 prosent svarer dialekt, medan kombinasjonen nynorsk/dialekt ligg på 18 prosent. Interessant er det å sjå på den gule søyla som viser at 21 prosent veksler på å skrive dialekt, nynorsk, bokmål og engelsk.

Dei nærare tre prosentane som svarer «anna», har spesifisert dette – og her finn vi dei som ikkje har norsk som førstespråk. Desse respondentane brukar førstespråket sitt, saman med nynorsk, engelsk, og dialekt og ein svarer «norsk».

Vi kan altså slå fast at respondentane brukar fleire skriftspråk på Facebook. Kor ofte dei skriv dei ulike språka og i kva kontekst, har eg ikkje spurt dei om. Men kva brukar dei *mest*?

Tabell:

Kva språk brukar du mest på Facebook?



1	Eg skriv mest nynorsk
2	Eg skriv mest dialekt
3	Eg skriv mest bokmål
4	Eg skriv mest engelsk
5	Eg skriv mest andre språk


Omgrepet «mest» er ikkje utdjupa ytterlegare. Ein kan dermed tolke «mest», både som oftast/hyppigast og i volum/tekstmengde eller ein kombinasjon av dette. Eg vil tru at det er oftast/hyppigast som dei fleste legg til grunn her. Dette kunne eg ha presisert i spørsmålet, men samstundes kunne det ha forvirra respondenten.

Svaret er i alle fall svært eintydig. Facebook er ein arena der dei fleste vel å skrive talemålsnært og utanfor normert skrift: altså dialekt. Det er overraskande at 20 prosent svarer at dei skriv mest nynorsk, medan så mange som 75 prosent svarer at dei skriv mest på dialekt. Om dei 20 prosent som svarer at dei skriv mest nynorsk, kjem eg attende til.

Inne i «Facebook»-universet har ein altså ein eigen nettpratfunksjon. Av dei som har svara at dei skriv dialekt på Facebook, har eg stilt oppfølgingsspørsmål, for å kunne seie om dette er eit fenomen som opptre berre i nettprating (chat).

Tabell:

Du har svara at du skriv dialekt på Facebook. Kvar brukar du dialekt mest?



Name	
1	Eg skriv dialekt mest i chat
2	Eg skriv dialekt mest i statusoppdateringar
3	Eg skriv dialekt mest i kommentarfelt
4	Eg skriv stort sett dialekt over alt på Facebook
5	Det varierer kvar eg skriv dialekt på Facebook


Chatten dominerer med sine 58 prosent, men kommentarfeltet kjem også høgt med 33 prosent. At ingen svarer statusoppdateringar, er interessant, men ikkje så veldig overraskande.

Statusoppdateringar er det som er mest «statisk», medan chat og kommentarfelt er og kan vere i sanntid, levande, pågåande og dialogisk og slik sett likne mest på ein munnleg samtale.

Så til det spennande *kvifor*. Kvifor skriv 75 prosent, tre av fire, mest dialekt på Facebook? Eg har bede dei grunnkje svaret:

Tabell:

Du har svara at du skriv dialekt på Facebook. Her vil eg gjerne vite litt om kvifor.



1	Fordi det er det eg kan best
2	Fordi det er fint
3	Fordi det er uformelt
4	Fordi det er slik eg snakkar
5	Fordi andre gjer det
6	Fordi det passar på Facebook
7	Fordi eg ikkje er så flink i rettskriving
8	Fordi eg er usikker på kva som er «rett» eller «lov»
9	Veit ikkje
10	Anna

77 prosent svarer at dei skriv dialekt på Facebook «fordi det er slik eg snakkar». Berre 12 prosent svarer at dei gjer det for det «det passar best» og under seks prosent svarer at dei gjer det «fordi andre gjer det». Nesten 46 prosent svarer også at dei skriv dialekt fordi det er uformelt.


Eit fleirtal av respondentane grunngjev altså dialektskrivinga med at dei vil skrive som dei snakkar og at det er uformelt. Dei få som svarer at dei *ikkje* skriv dialekt på Facebook har fått høve til å svare på kvifor (tabell 23 i vedlegget). 44 prosent av desse svarer «veit ikkje» på spørsmålet om kvifor dei ikkje skriv dialekt. Meir spennande er det då å sjå at 28 prosent av desse svarer at dei ikkje skriv dialekt «fordi det ikkje er noko skriftspråk», men her må vi hugse at talgrunlaget bak prosenttalet er lite.

5.4 Dialekt på andre skriftdomene

Om vi vender attende til dei respondentane som skriv på dialekt, vil eg vite om dette er noko særeige for Facebook. Eg ynskjer å vite om det berre er på Facebook dei skriv dialekt, eller om dei har denne skrivepraksisen også andre stader.

Tabell:

Du har svara at du skriv dialekt på Facebook. I kva andre samanhengar skriv du dialekt? Fleire svar er mogleg.



1	SMS
2	Twitter
3	Instagram
4	Snapchat
5	Andre sosiale medium, feks Tumblr
6	Blogg
7	Kommentarfelt i nettaviser
8	E-post
9	Skularbeid
10	Søknader, t.d sommarjobb
11	Anna

Alle respondentane som skriv på dialekt, skriv dialekt også på SMS. Vidare ser vi at 90 prosent brukar dialekt på Snapchat, og 64 prosent på bilettenesta Instagram.

Det er verdt å merke seg dei fire store dialektkanalane her, SMS, Facebook, Snapchat og Instagram, alle har bilete og tekst kopla saman. Det private fotoalbumet har ikkje berre vorte digitalisert, men publisert. Noko som før var intimt og privat har kome ut frå heimen og inn på verdsveven. Språket følgjer saman med bileta: private foto går hand i hand med snakkeskrivinga, nær talemålet.

Andre måtar å skrive på Internett på, som til dømes kommentarfelt i avisene, skårar lågt på dialektskriving, det same gjer e-post og blogg. Særleg dette med kommentarfelt i avisene var overraskande lågt. I skularbeid og i søknader og andre formelle samanhengar er dialektskriving i praksis fråverande. Det verkar her som at ein stor samlekategori med nemninga *nettspråk*, ikkje høver når ein ser på faktisk bruk.


5.5 Rettskriving i nynorsk og bokmål

Det verkar ikkje som dei skriv på dialekt fordi dei har manglande dugleik eller kunnskap om rettskriving. For å sjekke om det er dårlege kunnskapar i norsk rettskriving som er dei eigentlege årsakene som ligg bak, har eg stilt elevane spørsmål om dette. Desse spørsmåla vart stilt *før* dei svara på kvifor dei skriv dialekt – for å ikkje leie dei til å svare «rett».

Elevane har fått spørsmål om både bokmålrettskriving og nynorskrettskriving.

Tabell:

Det finst rettskrivingsreglar for nynorsk og bokmål. Korleis synest du det er å bruke rettskrivingsreglane som seier kva som er rett eller "lov" å skrive på nynorsk?



1 Eg synest det er greitt å vite kva som er "lov" på nynorsk

2 Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er "lov" på nynorsk

3 Eg synest det er verken lett eller vanskeleg å vite kva som er "lov" på nynorsk

Her er det viktig å minne om to aspekt: Dei fleste elevane har nynorsk som hovudmål, og at denne undersøkinga kjem midt i omlegginga av nynorskrettskrivinga. Ny rettskriving i nynorsk vart vedteken i 2011, gjeldande frå 1. august i 2012, men Utdanningsdirektoratet har saman med Språkrådet fastsett ei overgangsordning for elevar i vidaregåande som har eksamen i 2013 og i 2014. Dette gjeld respondentane i denne undersøkinga. Dei har fått bruke gamle former, også til eksamen, medan dei digitale ressursane, mellom anna *Nynorskordboka*, har vorte oppdatert med ny rettskriving⁷. Utan at eg har gått inn i dette, er det grunn til tru at læreverk som desse elevane har


⁷ Den digitale *Nynorskordboka* har oppdatert rettskriving i oppslagsord og bøyingar, men innhaldet elles er ikkje gjennomgått.

brukt, både har gamal og ny rettskriving. Dette *kan* ha påverka resultatet i undersøkinga mi og gjort at fleire enn «normalt» synest rettskrivinga i nynorsk er vanskeleg eller forvirrande.

23 prosent svarer her at dei synest det er vanskeleg å vite kva som er rett eller «lov» når det gjeld rettskrivingsreglar for nynorsk, drygt femti prosent synest det er greitt å vite, medan kvar fjerde elev stiller seg nøytral til spørsmålet. Så til bokmål.

Tabell:

Det finst rettskrivingsreglar for nynorsk og bokmål. Korleis synest du det er å bruke rettskrivingsreglane som seier kva som er rett eller "lov" å skrive i bokmål?



- | | |
|---|---|
| 1 | Eg synest det er greitt å vite kva som er "lov" i bokmål |
| 2 | Eg synest det er vanskeleg å vite kva som er "lov" i bokmål |
| 3 | Eg synest det er verken lett eller vanskeleg å vite kva som er "lov" i bokmål |

Alle respondentane meiner altså at rettskriving i bokmål verkar altså noko greiare enn rettskriving i nynorsk. Under åtte prosent av respondentane synest det er vanskeleg å vite kva som er «lov» i bokmål. Det har ikkje vore ei tilsvarende rettskrivingsreform for bokmål i perioden.

Så kan ein spørje om dei kan oppleve at rettskrivingsreglane er greie, men likevel vere dårlege i norsk. Karakteren i norsk hovudmål og sidemål kan såleis vere ein indikator på om elevane er dårlegare enn dei sjølv trur, og om den utbreidde dialektskrivinga er eit teikn på språk i forfall. Elevane har sjølv opplyst om standpunktkarakterane i norsk i 2. klasse (karakterane for 3. klasse var ikkje klare då denne undersøkinga vart gjennomført, det var heller ikkje sensuren i avgangseksamen i norsk).


Om lag 44 prosent opplyser at dei har fått karakteren fire i hovudmål, og om lag 39 prosent har fått karakteren fire i sidemål (tabellane 26 og 27). Resultata harmonerer godt med nasjonale resultat (Anon. 2013d.). Det er difor liten grunn til å tru at respondentane bløffar og pyntar vesentleg på sanninga.

5.6 Synet på eige talemål

Før eg sette i gong undersøkinga hadde eg ein hypotese om at ungdom valde vekk normert språk til fordel for dialekt. Då kan det vere ein grunnleggjande premiss at ein faktisk oppfattar at ein *har* ein dialekt. Eg ynskte difor informasjon frå respondentane om korleis dei såg på talemålet sitt. Har dei eit medvite tilhøve til dialekten og korleis vil dei i så fall karakterisere den?

Tabell:

Korleis vil du karakterisere dialekten du snakkar?



1	Eg snakkar ein tydeleg dialekt frå heimstaden min
2	Eg snakkar ein blanding av ulike dialektar
3	Eg snakkar ein nynorsknaer dialekt
4	Eg snakkar ein bokmålsnaer dialekt
5	Eg snakkar ikkje dialekt
6	Veit ikkje
7	Anna

43 prosent svarer altså at dei snakkar ein tydeleg dialekt frå heimstaden, medan om lag 32 prosent snakkar ein blanding. Nesten ingen svarer at ei ikkje snakkar dialekt. Samanhengen mellom korleis dei karakteriserer dialekten sin og korleis dei skriv, kjem eg attende til.


5.7 Krystallkula

Heilt slutt har eg spurt respondentane kva dei trur om framtida for seg sjølv som språkbrukar. Dette er framtidas vaksne skriftprodusentar, som skal skrive høyringsfråsegner, FAU-referat, fakturaer, avisinnlegg, forretningsstrategiar, undervisningsplanar, bøker og så bortetter. No skal dei færraste ha

meir norskundervisning, men sleppast laus i det vaksne samfunnet og ta meir eller mindre sjølvstendige språkval – også utanfor den private sfæren. Dette er eit rein krystallkulespørsmål. Ingen av oss veit noko sikkert om framtida. Spørsmålet kan reduserast til ein rein underhaldningsverdi, men desse språkbrukarane har sjølve høve til å vere med å påverke eiga, språkleg framtid. Kven veit, kanskje sit det ein framtidig språkdirektør i desse tabellane. Eg synest at det er interessant å vite korleis dei ser på seg sjølv som språkbrukarar i framtida.

Tabell:

Kva skriftspråk trur du at du kjem til å bruke mest om ti år?




1	Engelsk
2	Nynorsk
3	Bokmål
4	Dialekt
5	Veit ikkje
6	Anna

Over halvparten av elevane ser føre seg nynorsk som sitt dominerande, framtidige skriftspråk. Det er dette språket dei trur dei kjem til å bruke mest. Her vil eg minne om at det er flest nynorskbrukarar i materialet. Berre om lag ti prosent trur dei vil bruke bokmål mest, 12 prosent svarer dialekt og 16 prosent trur engelsk vil dominere. Berre sju prosent svarer «veit ikkje». Eg drøftar denne tabellen grundigare i kapittel 6.0.

Ut i frå materialet eg har samla inn, har eg gått inn bak tabellane for å gå litt djupare inn i nokre av svara.

5.8 Kvar bur dei nynorskskrivande?

Som tabellen ovanfor viste, skriv tre av fire mest dialekt på Facebook. Men tjue prosent skriv normert nynorsk mest. No veit vi at det er flest nynorskbrukarar med i studien og at fire av fem deltakande skular er nynorskskular. Eg ynskjer difor å få vite kvar desse nynorskskrivarane bur. Av dei tjue prosent som har svart at dei skriv mest nynorsk, ser det slik ut:



Det er «nynorskfylket» Sogn og Fjordane som skil seg ut, saman med Voss. Flora skårar noko høgare enn venta, sett i lys av at skulen tradisjonelt sett har hatt relativt mange elevar med bokmål som hovudmål. Men på den andre sida er det ikkje svært overraskande, sidan skulen ligg i kjerneområdet for nynorsk, om ein ser Sogn og Fjordane under eitt. Bokmålsskulen Dalane har som venta færrest nynorskskrivarar, medan nynorskskulen Stranda også ligg lågt. Talgrunnlaget er igjen, ganske lite, så her skal ein vere varsam med generaliseringa. Eg seier noko meir om tilfellet Sogn og Fjordane i analysekapittelet.

5.9 Er det skilnad på nynorskbrukarane og bokmålsbrukarane?

Av dei respondentane som har svara at dei skriv mest på dialekt, ser fordelinga mellom nynorsk og bokmål slik ut:



Dei som har nynorsk som hovudmål er klart i overvekt, med 75 prosent, medan 25 prosent av dei som svarer at dei skriv mest dialekt, har bokmål som hovudmål. Storbrukarane av snakkeskriving har altså nynorsk som hovudmål i skulen.

5.10 Samanheng mellom dialektskriving og dei som snakkar tydeleg dialekt frå heimstaden

Må ein snakke ein tydeleg dialekt for å kunne meistre snakkeskriving? Om ein koplur data i materialet, får ein eit visst svar på dette. Dei som skriv mest dialekt, korleis ser dei på eige talemål?



Her skulle eg gjerne ha visst korleis dei som snakkar ein blanding skriv. Skriv dei blanding eller hermar dei etter majoritetstalemålet på staden dei bur? Det har eg ikkje undersøkt, men det kunne ha vore svært interessant å vite. Om det er slik at ein kan knote også i snakkeskriving, kunne det ha vore spennande å vite korleis dette artar seg.


5.11 Samanheng mellom bruk og snakkeskriving

Ein kunne tenkje seg at dei som brukar Facebook mest, har flest venner, er innom flest gongar om dagen og brukar mest tid, er dei som skriv mest dialekt. Dess tyngre bruk, dess meir snakkeskriving. Eg har leita etter denne samanhengen i materialet.

Som vi såg i tabellane, var det over halvparten av elevane som var innom Facebook meir enn fem gongar kvar dag. Eg har difor delt dei inn i to grupper, dei som er på Facebook fem gongar eller meir og har fleire enn 300 venner og dei som er på Facebook sjeldnare enn fem gongar og har færre enn

300 venner.


Den første grafikken er dei som har få venner, i dette tilfellet færre enn 300 og som er sjeldnare innom Facebook dagleg:



Her er vi «nede» i 60 prosent dialektbruk. 40 prosent svarer nynorsk i denne gruppa.

La oss så sjå på storbrukarane, med stort nettverk.


Dette er dei som har fleire enn 300 venner og som er innom Facebook fem gongar eller meir, dagleg:



Her er det 83 prosent som skriv mest på dialekt. Dei som skriv nynorsk, er no nede i 17 prosent. Det kan verke som det er ein samanheng mellom bruken, nettverket og språkvalet. Dess hyppigare bruk og større nettverk, dess meir dialektskriving.

5.12 Skilnad på kvinner og menn

Til slutt har et sett på om det er skilnader på kjønna. Resultat frå granskinga i *Målstreken*, viser at jenter skifter til bokmål oftare enn gutar, og eg ynskte difor å finne ut om det er skilnad på dialektskriving blant kvinner og menn.




71 prosent av kvinnene svarer at dei skriv mest dialekt, medan 35 prosent av mennene gjer det same.

17 prosent av mennene svarer at dei skriv mest nynorsk, medan 12 prosent av kvinnene gjer det same.

No er det mest kvinner med i undersøkinga (62 prosent av respondentane er kvinner). Ein skal difor vere varsam med å generalisere. Om ein likevel skal driste seg til dette, verkar det som at kvinner skriv meir dialekt og menn skriv meir normert. Resultatet frå *Målstreken* viser at kvinnene tilpassa seg meir mottakaren og situasjonen enn gutane gjorde. Sidan Facebook fører brukarane nær kvarandre i digitale dialogar, er difor resultatet ikkje så overraskande.

Om ein så kikar på kva respondentane trur om eigen språkbruk i framtida, ser vi att noko av mønsteret. Her er grafen om kva skriftspråk dei trur dei vil bruke mest i framtida, delt inn i kjønn:



Som vi hugsar er det flest kvinnelege, nynorskbrukarar (nynorsk som hovudmål i skulen) med i studien. Menn skil seg ut her med litt meir tru på at engelsk vil vere det språket dei brukar mest i framtida. Dette er små tal, som må brukast med varsemd. Det er her likevel interessant å hente fram resultata frå *Målstreken* igjen. Ein konklusjon frå dette arbeidet (som gjaldt Valdres) viste at fleire jenter enn gutar vel å skifte frå nynorsk til bokmål og at jentene i større grad ynskjer å tilpasse seg og endre både på dialekten og skriftspråket (Garthus Kvåle 2009:5-6).

5.13 Svar og variablar som er valde vekk

Eg har sett vekk frå svara eg fekk om foreldra sin utdanningsbakgrunn. Eg tenkte det kunne vere relevant å sjå på om det var mogleg å seie noko om born med foreldre med høg utdanning hadde andre resultat på bruken av dialekt og også norskkarakter, enn born av foreldre med låg utdanning. Dette er ei sosiolingvistisk tilnærming til datamaterialet. Eg måtte ha funne ein om det var ein mogleg samanheng mellom snakkeskriving hjå elevane og foreldra sin utdanningsbakgrunn. Dette har eg lagt

heilt vekk. Eg trur det hadde vore svært vanskeleg å kunne seie noko sikkert om denne samanhengen. Vidare var det overraskande mange av respondentane mine som ikkje visste kva utdanning foreldra hadde og det gjorde talmaterialet lite.

Eg har spurt elevane om kva dei har tenkt å gjere neste år, altså når skulen er over og vitnemålet er i boks. Eg tenkte at eg kunne sjå ein viss samanheng med dei nære framtidsplanane til den enkelte respondent og kople dette saman med utdanninga til foreldra. Eg har lagt vekk dette, dels med same grunngjeving som tabellen om foreldra si utdanning og dels fordi eg er usikker på kor relevant det er. Det er ikkje noko som tyder på at elevane skriv dialekt fordi dei ikkje kan skrive korrekt normert språk. Når det gjeld framtidsplanane til den einskilde kan den også ha endra seg mykje i løpet av nokre få veker, når elevane som har søkt høgare utdanning og jobb, ser kva valmoglegheiter dei faktisk fekk.

5.13 Oppsummering

- Facebook er ein vanleg og viktig kanal for kommunikasjon mellom elevar i den vidaregåande skulen på Vestlandet. Alle brukar nettsamfunnet og ni av ti brukar det dagleg. Over halvparten av respondentane er innom Facebook meir enn fem gongar kvar dag. Under fem prosent av elevane svarer at Facebook er «uviktig» eller «svært uviktig», medan 43 prosent svarer at Facebook er «viktig» eller «svært viktig».
- Tre av fire skriv mest på dialekt når dei skriv på Facebook. I denne gruppa er det klart flest nynorskbrukarar.
- Storbrukarar (dei som har størst nettverk og hyppigast bruk) skriv meir på dialekt enn dei som har mindre nettverk og lågare bruk.

- Fleirtalet av dei som skriv normert nynorsk, kjem frå Sogn og Fjordane.
- Elevene grunngjev i hovudsak valet av dialekt med «at det er slik eg snakkar» og fordi «det er uformelt».
- Dei som snakkar ein tydeleg dialekt frå heimstaden, skriv meir på dialekt enn dei som snakkar ei blanding av dialektar.
- Det verkar ikkje som om dårleg dugleik i norsk rettskriving eller i norsk som fag, er ei viktig årsak til at respondentane vel vekk normert språk.
- Elevane vel vekk dialekt i meir formelle samanhengar, som til dømes skularbeid eller søknader, og brukar heller ikkje i dialekt i særleg i stor grad i kommentarfelt i nettaviser.
- Eit fleirtal av elevane karakteriserer dialekten sin som «ein tydeleg dialekt frå heimstaden».
- Respondentane trur derimot ikkje at dialektskriving vil fortrenge normert skriving i framtida. 54 prosent trur dei vil bruke mest nynorsk om ti år, medan 12 prosent svarer dialekt.
- Kvinner skriv meir dialekt enn menn.

6.0 Drøfting av resultata

På sekstitalet reiste forskaren Marshall McLuhan spørsmålet om TV-mediet eigentleg var ein språkrevolusjon. Han argumenterte for at fjernsynet førte til ein språkrevolusjon der verbalspråket saman med bilete delvis erstatta teksten (McLuhan 1964 og 1997:68-78). McLuhan meinte elles at vi ikkje *brukar* media, men er fortapte i dei. Vi er avhengige. Dei er like viktige for oss, som elden var for det tidlege mennesket. Vi har no fått ein ny eld. La oss konsentrere oss om det tekstlege.

Har språket reist frå munnen til boka, via fjernsynet, og vorte atfødd som tale forkledd som tekst? I opphavet var skrifta eit bilete av talen (Eriksen 2000:24). I byrjinga var oppgåva til skrifta å finne teikn som anten repeterte eller minna om det talte ordet. Skriftspråket utvikla ein eigen stil som også verka attende på talen, skriv Trond Berg Eriksen i *Budbringerens overtak* (2000). Skriftspråket og talespråket verkar difor dynamisk på kvarandre.

Resultatet av undersøkinga i dette arbeidet inneheld både overraskingar og venta funn.

Hovudhypotesen før innsamling av materialet var at den store majoriteten er på Facebook og at eit fleirtal skriv dialekt. Eg venta at respondentane ville seie at dei skreiv dialekt ofte, men ikkje alltid. Funna i materialet stemmer godt overeins med hovudhypotesen. Som eg har drøfta og gjort greie for undervegs i materialet, er det nok mange årsaker til at Facebook har vorte så stort, viktig og omfattande for menneske i denne aldersgruppa; dei yngste vaksne, og den første heildigitale generasjonen. Bruken av Facebook, både i tidsbruken totalt og talet på gongar ein er innom kvar dag, er noko som er nytt i mediehistoria. Den stadfestar sjølvstøtt at menneska er sosiale, vi likar og treng å bruke tid saman, anten det er på ein fysisk eller digital måte. Psykologar kan drøfte om digitalt samvær kan erstatte det fysiske og analoge, sett i høve til den tradisjonelle behovspyramiden til Maslow (Maslow 1954:97-100). Richard Sennett skriv i *Intimitetstyranniet* (1992:45) at elektronisk kommunikasjon er eit av midla som har øydelagt ideen om offentleg liv. Kunnskapen folk har om kvarandre har auka, skriv Sennett vidare, men elektroniske medium har gjort faktisk kontakt overflødig. Eg trur Sennett er vel kategorisk, men at ein ikkje kan sjå vekk frå at han i somme, isolerte tilfelle kan ha rett. Sennett skreiv dette første gongen i boka *Fall Of Public Man* utgitt i 1977, tida før media vart sosiale og såleis er biletet vorte meir nyansert med tida. Likevel peikar Sennett på noko som er relevant også i dag: Innebygd i dei elektroniske media oppstår eit paradoksalt forhold mellom synlegheit og isolasjon (Sennett 1992:48). Ungdommane som deltok i denne studien opplever

at Facebook er ein viktig faktor i liva deira og dette vert stadfesta gjennom omfattande bruk. Det hadde vore interessant å kunne samanlikne kor viktig Facebook er for desse ungdommane, sett opp mot andre faktorar eller aktivitetar. Som det å fysisk vere saman med venner eller familie, som det å delta på fritidsaktivitetar og liknande. Kor vidt den omfattande bruken av Facebook er ei erstatning eller eit supplement til meir tradisjonelle samværsformer, er vanskeleg å seie noko sikkert om. Det er grunn til å tru at det er begge deler. Vi har no høve til å halde fram med dialogar, vi kan flytte dei inn og ut av digitale rom. For somme kan nok skjermlivet vere eit hinder for sosialisering og også verke framandgjerande, som Sennett peikar på, men for dei sjenerte, dei som ikkje ropar høgst og har dei kjappaste replikkane i klasserommet, vil sosiale medium kunne vere ein stad å hevde seg i. For andre igjen er Facebook berre ein av fleire måtar å sosialisere på.

Studien viser også at ungdommane har store nettverk på Facebook og at det er ein samanheng mellom snakkeskriving, nettverk og aktivitetsnivå. Dette er ei stadfesting på at sosiale medium i høg grad er intime: Dess større digitalt nettverk og hyppigare bruk, dess meir snakkeskriving.

Om Facebook no er på ein topp i 2014 og bruken eventuelt vil flate ut og eventuelt flytte seg over på endå nyare plattformer, vil framtida vise. Det ein i alle fall har sett, er at bruken dei ti åra Facebook har eksistert, nærast har vakse inn i himmelen. Resultata frå denne studien viser at dei deltakande ungdommane har Facebook som ein normal, mykje brukt og daglegdags kanal for kommunikasjon og sosialisering. Som eg tidlegare har vore inne på, har mobil teknologi og utvikling av eigne applikasjonar truleg vore viktige faktorar som kan forklare dette.

Så til språket. Tre av fire skriv altså mest på dialekt. Når elevane får vere eigne publisistar i ei digital verd, vel dei vekk tradisjonell, normert skrift i svært stor grad. Men dei gjer ikkje dette overalt.

Elevane opplyser at dei også skriv dialekt i SMS, men at dei brukar normert språk i større grad på bloggar, i kommentarfelt i nettaviser og i søknader og likande. Her skriv dei lite eller ikkje på dialekt. Dette stadfestar Kløve Juuhl (2014) også i sitt doktorarbeid. Eg meiner desse resultata viser at ein i dag ikkje kan lage ein samlekategori i 2014 med *nettspråk*, slik Utne gjorde i 2002. Det digitale språket til desse elevane er meir avansert. Facebook er meir dialogbasert enn e-post og blogg (som begge også er internettbasert) og bileta har ein viktig funksjon. Begge deler kan brukast som forklaringsmodellar. Foto har heile tida vore viktig på Facebook, og no delar vi bilete som før berre eit fåtal menneske såg, med fleire hundre andre. Intimsfæren har kome til skjermen. Vi ser på kvarandre og snakkar saman, som om vi sat i ein virtuell sofa. Resultatet frå undersøkinga eg har gjort viser at vi har fire store dialektkanalar: SMS, Facebook, Snapchat og Instagram. Eit fellestrekk ved desse tre er at alle har bilete og tekst kopla saman. Det private fotoalbumet har ikkje berre vorte digitalisert, men publisert. Noko som før var intimt og privat har kome ut frå heimen og inn på verdsveven. Språket følgjer saman med bileta og desse to kan forsterke kvarandre: Private foto går hand i hand med snakkeskrivinga, nær talemålet.

Facebookspråket er også meir dialogisk i sanntid enn til dømes e-post og blogg, den digitale dialogen skjer (om enn i eit litt lågare tempo, dei fleste snakkar framleis raskare enn fingrane greier å skrive) stadig hurtigare. I tillegg vert infrastrukturen, sjølve «motorvegen» stadig raskare, vi er tilknytt stadig høgare hastigheit anten det er på 4G-nettet med mobil eller via fiberoptisk kabel. Raskare infrastruktur er også ein bidragsytar til at skrivinga vert meir og meir lik snakkinga fordi det er praktisk mogleg, og finn si form som snakkeskriving. Gamle skilje mellom tekst og tale vert utfordra. Spørsmålet er også om ein skal sjå på nye, sosiale medium som nye og eigne *domene* for skrift.

Tilfellet Sogn og Fjordane treng litt ekstra merksemd. Resultata frå denne studien viser at fleirtalet av

dei som vel å skrive normert nynorsk på Facebook, bur i Sogn og Fjordane. Det er ikkje overraskande. Som rapporten *Målstreken* viste, er det å ha nynorsk som hovudmål ingen garanti åleine for at elevane vel å bruke nynorsk i private samanhengar (Garthus 2009:11). Dette gjeld funn i den nynorske randsonen Valdres, der 75 prosent av elevane skiftar hovudmål i løpet av skulegangen. Funna i Valdres er difor ikkje direkte overførbare til Florø eller Eid, som er dei to deltakande skulane frå Sogn og Fjordane i denne studien. Her er det svært få som skiftar hovudmål. Medan Valdres er ei randsone for nynorsken, er Sogn og Fjordane sjølv tyngdepunktet. Elevane i Florø og Eid er like mykje på Facebook som elevar i Eigersund, og begge gruppene snakkar ein tydeleg dialekt frå heimstaden sin. Det digitale livet kan ikkje lausrivast frå det analoge samfunnet rundt. Det kan verke som målbruken i samfunnet rundt eleven, spelar ei endå viktigare rolle enn skulemålet. Dette kan vi også lese i *Språkfakta for Sogn og Fjordane*: «(...) blir nynorskbrukarane gjerne verande nynorskbrukarar viss dei bur i eit miljø der nynorsk pregar kvardagen og er eit respektert kvardagsspråk» (Grepstad 2012: 11). Elevar i Sogn og Fjordane har difor ein heilt anna føresetnad enn dei andre elevane til å skrive normert nynorsk og også til å verte verande nynorskbrukar.

Tendensen i materialet er at dei som har størst nettverk og brukar Facebook hyppigast, skriv meir på dialekt enn dei som har mindre nettverk og er innom sjeldnare. Dette er kanskje ikkje unaturleg, men det kan tyde på at dei som les og skriv mykje på Facebook har meir trong til snakkeskriving enn dei som berre skriv no og då. Denne tendensen vert stadfesta av at det er i nettpraten (*chat*) dialekt opptrer hyppigast. Der dei digitale dialogane er i sanntid, er skriftspråket nærast talen i form og tempo, og der slår dialektbruken inn. Der ynskjer elevane å bruke eit talespråk, men formatet gjer at dei må bruke skrift. Då høver snakkeskriving best for desse. Kanskje er det rett å sjå på snakkeskriving som ein eigen kompetanse. Plattform, form, kontekst og teknologi gjer at skrifta nærmar seg dynamikken i talen.

Om eg skulle ha gjort dette arbeidet på nytt, ville eg ha freista å få til intervju, for å få vite endå meir om årsakene til den utbreidde bruken av skriftleg dialekt.

Snakkeskriving på Facebook er neppe særnorsk. Som eg har vist til tidlegare, ser ein døme på dialektskriving i ein studie frå Åland. Åland høyrer til Finland, men innbyggjarane snakkar svensk og øya har indre sjølvstyre. Åland er gitt eittspråkleg status med svensk som offisielt språk. Resten av Finland har både svensk og finsk som offisielle språk, men 94 prosent har finsk som førstespråk. Finsk og svensk er ikkje gjensidig forståeleg, slik nynorsk og bokmål er. Det er difor noko vanskeleg å samanlikne den finske og den ålandske språksituasjonen med Noreg og Vestlandet. Innbyggjarane på Åland relaterer seg språkleg til rikssvensk og ikkje til finsk.

I ei masteroppgåve frå University of Columbia med tittelen “Between Arabic and French Lies the Dialect. Moroccan Code-Weaving on Facebook», granskar Rachel Salia (2011) korleis marokkanarar skriv på Facebook. Salia viser døme på korleis ein blandar arabiskspråkleg dialekt, darija, med engelsk og fransk og gir mellom anna dette dømet: «*thnx habibi pour le tag, l3ez bij khoya*» (s. 23). Salia kallar fenomenet ein internasjonal kvasikode, fordi den er ufullstendig og ikkje til stades på andre domene enn Facebook. Salia meiner dette er ein heilt ny form for kommunikasjon, og kallar det *chatspeak*: «The morrocans are creating a new internet-based code which is a hybrid (...). This new quasi-code mau in fact become a complete code in the future” (s.43).

Salia brukar omgrepet dialekt på ein annan måte enn den norske forståinga av ordet, som ligg til grunn for arbeidet i denne avhandlingsa. Det er i seg sjølv interessant. Eg er samd med Salia i at denne språkkoden er noko eige for sosiale medium (og SMS) og ikkje minst at dette er ein ny form for kommunikasjon. Eg har i motsetnad til Salia funne at denne koden ikkje finst på Facebook åleine, men også andre stader, som til dømes Snapchat, Instagram og SMS, og at desse har fellestrekk med

dialogbasert kommunikasjon og foto, men at denne skrivepraksisen ikkje vert praktisert i stor grad andre stader på Internett.

Det er ingen ting som tyder på at funna i denne undersøkinga og heller ikkje i Salia sine funn, er eineståande. Truleg vil det finnast innslag av både dialekt, sosiolekt, slang, forkortingar, kjensleteikn og framandspråk også blant språkbrukarar på Facebook i mange ulike språksamfunn.

Fråværet av redaktør er ein svært viktig faktor for skrivepraksisen. Det gjer mediet til ein uformell og antiautoritær kanal, og det er grunn til å tru at dette påverkar måten ein skriv på. Det er «alle og ingen» som bestemmer korleis ein skal skrive i sosiale medium. Definisjonsromet er ope for den som tek det. Her kan ein snakke om normagentar, men desse kan vere vanskelege å få auge på i ein så flat struktur. Respondentane i undersøkinga svarer i liten grad at dei skriv dialekt fordi «alle andre gjer det». Det var noko overraskande og her fell ein av hypotesane mine. Men ein kan ikkje sjå vekk frå at det umedvitne kan ha spela ei viktig rolle likevel. Ein kan ha vorte påverka av andre sin skrivepraksis utan at ein merkar det, og ein gjer som dei andre ubevisst for å passe inn. Ein adopterer andre sitt bruksmønster og er dermed sjølv med på å forsterke tendensen ein sjølv er eksponert for. Ein er både tilskodar og deltakar. Stor dialekttoleranse er sjølv sagt ein viktig premiss for dette – og også forståing av kvarandre. Som Haugen viste i stega for normeringsprosessen, er den siste og endelege faktoren «godkjenning av samfunnet». Dersom mange nok hadde stilt spørsmål ved snakkeskrivinga, eller mange nok hadde uttrykt at dei ikkje forstod språket, eller at det var «feil», «teit», «barnsleg» eller kanskje «upassande», ville kanskje praksisen ha døydd av seg sjølv. Dei uoffisielle normagentane «folk flest» har kanskje bana veg for noko som kan likne på ei ny og uformell skriftnorm.

Samfunnet, altså brukarane i vid forstand og vennene dine i smal forstand, godkjenner norma med snakkeskriving. Det er dermed ikkje rett å omtale dialektbruken på Facebook som ein «kuriositet» eller eit «språkkrydder», til det er bruken for omfattande og det stemmer heller ikkje overeins med grunngevinga til respondentane. Snarare er det ein dialektkompetanse. Dei skriv slik, fordi dei snakkar slik. Som tabellen i materialet i denne undersøkinga viser, er det fleire som har ein tydeleg dialekt frå heimstaden som også skriv mest dialekt, samanlikna med dei som snakkar ei blanding av dialekten.

Er snakkeskrivinga då eit skriftspråk eller er det berre ein privat og intim skrivemåte? Er Facebook ein offentlig arena? Eg vil hevde at det er begge deler og at Facebook såleis er ein halvoffentleg arena.

Den utbreidde og brukargodkjende måten å bruke skrifta på Facebook på, er ein mellomting mellom det tradisjonelt skrivne og det tradisjonelt talte, eit språk i spagaten. Dette utfordrar tradisjonelle definisjonar vi har hatt om skriftspråk. Men språket på Facebook er ikkje koda på same måte som nynorsk eller bokmål, det finst inga ordbok, ingen rettskrivingsreglar, men ein utbreidd praksis og akseptert bruk. Snakkeskrivinga er difor i høg grad både ein prosess og eit produkt, den er kontekstuell og levande. Den riv ned gamle skilje mellom talemål og skriftspråk. Den er både ei kunne og ein kultur.

Ungdommane i denne undersøkinga grunngir også praksisen med å skrive på dialekt nettopp med at «det er slik eg snakkar». Fråværet av eit sterkt sentrum for normaltalemål kan vere ein viktig og underliggjande premiss for den utbreidde snakkeskrivinga. Det er ein samanheng mellom at respondentane opplever at dei snakkar ein tydeleg dialekt frå heimstaden, og snakkeskriving.

Dette er sjølvsagt også ei identitetshandling, som drøfta tidlegare i oppgåva. Skrifta seier noko om kven vi er. Språket er ein uløyselig del av oss som menneske. Facebook er nært, tilgjengeleg, vi kommuniserer med folk vi ynskjer å vere saman med og vi markerer revir. Den språklege identitetsmarkøren kan forsterke at talemålet legg premissar for skriftmåten. Praksisen er så gjennomført og utbreidd i massemediekanalen Facebook at det nærmar seg ein kultur for skrift. Helge Sandøy slår fast i *Talemål* (1996:142) at det kan vere vanskeleg å få auge på når ei språkending startar. Sandøy hevdar det kan vere vanskeleg å seie når eit individuelt, språkleg særmerke går i grava med ein brukar, eller om særdraga vert etterlikna av andre. Den store skilnaden, skriv Sandøy vidare, er om språkdrag får ei spreiding i samfunnet og det vert ei sosial endring av norma. Langt på veg vil eg seie at dette no har skjedd på Facebook. Når 75 prosent av brukarane skriv dialekt på Facebook, er det stor spreiding. Framtida vil gje oss ein endeleg fasit.

Ungdommane meiner openbert at det tradisjonelt normerte skriftspråket, nynorsk eller bokmål, ikkje passar i dette formatet. Dei brukar difor eit skriftspråk som ikkje «finst». Dei transkriberer dialekten sin ned på tastaturet for å gje bokstavane eit inntrykk og uttrykk av tale.

Grunnfilosofien til all nynorsknormering vert i denne samanhengen eit lite paradoks: normeringa er i stor grad bygd på talemålet. Vi les av denne undersøkinga at dei med nynorsk som hovudmål skriv meir dialekt enn dei med bokmål som hovudmål, sjølv om snakkeskriving finst hjå begge gruppene. Har då normeringa av nynorsken i praksis fjerna seg for mykje frå ungdommane sitt talemål? Er dette ei underliggjande årsak til at normert nynorsk vert valt vekk? Svaret er ikkje eit eintydig ja. Sidan dei same ungdommane vel nynorsk eller bokmål på andre domene, meiner dei openbert at nynorsk, bokmål og for den saks skuld engelsk, er brukande andre stader.

Ein kan vidare drøfte om skrivepraksisen på Facebook er privat eller offentleg og om Facebook er ein del av ei ny, borgarleg offentlegheit. Den tyske filosofen og sosiologen Jürgen Habermas uttalte i 2008 då han mottok Bruno-Kreisky-prisen at overgangen til Internett har ført til fortetting av kommunikasjonsnettverka og ei enorm utviding av medieoffentlegheita (Habermas 2006). Habermas skriv:

Auf der einen Seite hat die Umstellung der Kommunikation von Buchdruck und Presse auf Fernsehen und Internet zu einer ungeahnten Ausweitung der Medienöffentlichkeit und zu einer beispiellosen Verdichtung der Kommunikationsnetze geführt. Die Öffentlichkeit, in der sich Intellektuelle wie Fische im Wasser bewegt haben, ist inklusiver (...) (Habermas 2006).

Tradisjonelle, sterke normagentar som intellektuelle, redaktørar og utgivarar har mista mykje av posisjonen sin i det offentlege. Kven som helst kan og de facto *er*, utgivar og sin eigen redaktør, i ein sfære der ein meir eller mindre vel si eiga offentlegheit. I kanalar som er gratis, tilgjengelege og i dagleg bruk av ein majoritet i befolkninga. Facebook er slik sett antiautoritært og dette kan legge føringar eller invitere til ein lausare måte å bruke skriftspråket på. Kanalen er uformell og språket vert påverka av dette. Måten ein skriv på, liknar meir på måten vi snakkar på. Språkpsykologen Ragnar Rommetveit (1991:21) skriv: «Språket er et felles foretak, der vi alle har aksjar, men der ingen av oss har aksjemajoritet». Dette gjeld i høgste grad Facebook.

Eg vil hevde at Facebook, på bakgrunn av måten det er brukt på, og ikkje minst omfanget som tidlegare vist, kan kallast *halvoffentleg* sidan den står i spennet mellom offentleg og privat og også vekslar mellom dette. Kanalen er såleis både ein privat og intim arena og samstundes ein del av medieoffentlegheita og dermed også det offentlege rommet. Skrivepraksisen som eg har vist til i teori

og innsamling av materialet, kan ikkje lenger kallast ei privat språkhandling åleine. Det sosiale mediumet Facebook og dermed også brukarane av det og produkta dei skaper, eksisterer dermed i grenselandet mellom privat, offentleg, open, lukka.

Spørsmål er no om snakkeskrivinga vil få negative eller positive følgjer for normert nynorsk som skriftspråk. Eg er ikkje einseitig overtydd om at snakkeskriving er negativt i seg sjølv og heller ikkje om det er negativt for nynorsk, eller for den saks skuld all normert språkbruk. La oss ta det første først. Eg er overtydd om at det å kjenne seg trygg i språket er positivt. Eg trur også at det å skrive har ein verdi i seg sjølv. Tanken må via fingrane. Det gjer at tanken presumptivt vert lengre. Det betyr sjølvstund ikkje at kvantitet er betre enn kvalitet. Kanskje snarare tvert imot, vil mange kunne hevde.

I undersøkinga er elevane bedne om å kike inn i krystallkula. Dei har prøvd å tenkje på korleis dei trur dei vil bruke språket om ti år. Ungdommane sjølve trur nynorsken vil vere størst. Her er ikkje svara brotne ned i kontekstar. Eg har ikkje spurt dei kvar dei trur dei vil bruke dei ulike skriftspråka. Dersom det var slik at ungdommane meinte at nynorsken var «ubrukeleg» eller lite eigna som skriftspråk, hadde dei neppe svara som dei har gjort. Dette kan tyde på at normeringa ikkje er feil og at eigenskapar ved nynorsken i seg sjølv, ikkje nødvendigvis er ei årsak. Det kan tvert om tyde på at snakkeskrivinga vil finne plassen sin, ved sidan av normert nynorsk. Ein kan tolke svara som om elevane ikkje trur normert skrift vert erstatta av snakkeskriving samla sett. Dette stadfestar at fleirspråklegheita i høg grad er kontekstuell og at vi har ein diglossisituasjon. Vi får ikkje snakkeskriving i staden for, men i tillegg til.

I spørsmålet om språket i framtida, svarer altså 54 prosent av respondentane at dei trur dei kjem til å skrive nynorsk mest. 70 prosent av respondentane er nynorskbrukarar. Det er ein stor fråfallsprosent

om tala skulle gå inn. Nynorskoptimismen er størst i nynorskfylket Sogn og Fjordane. 12 prosent av respondentane trur dialekt vert deira mest brukte skriftspråk i framtida. Her skulle eg gjerne ha visst endå meir, til dømes om dei meiner at dialekt kan brukast over alt i samfunnet.

Vi kan no slå fast at raske, digitale medium, som Facebook, er ei ryggrad i kommunikasjonen blant ungdom. Ein ikkje uvesentleg del av liva deira føregår via skjermen. Eg trur at det å verte «utsett» for dialektskriving, kan gjere ein meir medviten om sitt eige språk. Det å skrive vert ein heilt sentral del av kvardagen, ikkje berre knytt til skule eller arbeid, men også i det private. Ungdommane viser også i denne undersøkinga at dei er medvitne om kvar dei brukar skriftleg dialekt, eller snakkeskriving, og kvar dei ikkje gjer det. Dersom dei ikkje var medvitne om dette, og eksamensresultata i norsk dala parallelt, ville det ha vore større grunn til å rope varsku. No er det rett nok viktig å understreke at sosiale medium har eksistert i kort tid. Dei langsiktige verknadene av dette i høve statleg, normert språk, kan vere vanskeleg å få auge på enno, medan vi står midt oppe i det. Det er likevel ingenting i materialet mitt som tyder på at ein vert ein dårlegare språkbrukar av å skrive dialekt på Facebook. Dette kan sjølvstendig endre seg, og eg presenterer heller ikkje eit fullt og heilt bilete av årsak og konsekvens. Påverknadskrafta av ein meir differensiert skrivepraksis kan også ha individuelle konsekvensar eller konsekvensar for somme grupper. Om «svake» elevar, dei som slit med ord og grammatikk og skrivning generelt, vil få det tøffare med ein slik skrivepraksis, kan sjølvstendig hende.

Det verkar å vere konsensus om at dialektar i verbalspåk ikkje berre er akseptert, men eit gode. Då er det vel ikkje nødvendigvis eit teikn på forfall at dette også finst i skrift, som ligg tettare opp til tale som form? Sosiale medium ligg tettare inn på oss som individ, fordi vi sjølve skaper innhaldet, vel publikum og graden av offentlegheit. Skriftuttrykket rykkjer nærare privat- og intimsfæren enn tradisjonelle medium. Ein er ein aktiv deltakar, ikkje ein passiv mottakar. Difor er det kanskje heilt

naturleg at skrivepraksisen er annleis. Ungdomar i 2014 er erfarne, digitale konsumentar – og skil mellom kanalar og ulike domene for skrift.

Det høver ikkje same Segl åt alle Båtar, sa Ivar Aasen. Ungdommane si fleispråklegheit er i høg grad kontekstuell. Å skrive på Facebook er nok anna enn å skrive eit lesarinnlegg i avisa. For i 2014 er ikkje «media the message» og heller ikkje er «content king». I 2014 er det konteksten som legg premissane for val av skrift.

6.1 Vidare forskning

Paradokset med innstramming av nynorsknormalen samstundes som vi ser at ungdom snakkeskriv på sosiale medium, fortener meir gransking. Tre av fire elevar i denne undersøkinga vel dialekt på sosiale medium og den viktigaste årsaka til dette er at «det er slik eg snakkar». Samstundes opplever elevane at nynorsk rettskriving er vanskelegare enn rettskrivinga i bokmål. No kom undersøkinga i denne avhandlinga midt i omlegginga av nynorsk. Det kunne ha vore svært interessant å vite om dette endrar seg når undervisningsmaterialet med meir har fått ny rettskriving og norma har sett seg hjå brukarane. Eg meiner det framleis er relevant å stille spørsmålet om nynorsken er normert for langt unna talemålet. Det vil også vere spennande å sjå på om elevane i denne aldersgruppa om nokre år framleis skil mellom ulike domene for skrift eller om snakkeskrivinga et seg inn på andre domene.

Undersøkinga mi viser at nynorskbrukarane skriv oftare dialekt på Facebook enn elevane med bokmål som hovudmål. Utvalet mitt er lite, sidan det er ei overvekt av nynorskbrukarar i denne studien. Det hadde vore interessant å vite om det eg har funne er representativt. Bokmålelevane har fått relativt lite merksemd i denne studien. Eg trur det hadde vore spanande å gjennomføre ein større komparativ analyse av ungdom på Vestlandet og ei tilsvarende gruppe på Austlandet. Berit Skog har

gjort spørjeundersøkingar i Trøndelag, der ein også ser at dialektbruken er utbreidd, og i *Målstroken* er det Valdres som er granska. Det kunne ha vore interessant å vite noko om dialektbruk kring dei store byane på Austlandet.

Når det gjeld nynorskbrukarane, er tilfellet Sogn og Fjordane spanande. Førde får etter alt å døme 250 000 kroner over Statsbudsjettet i 2014 til prosjektet Nynorskbyen Førde. Verdaskanskje sterkaste nynorskby får altså midlar for å skape ein endå sterkare nynorskspråkleg identitet i byen og regionen rundt. Om prosjektet er ei rein merkevarebygging for byen og regionen, står att å sjå. Resultata av prosjektet Nynorskbyen håpar eg får ei god evaluering med vonleg ny kunnskap.

Samspelet mellom tekst og bilete er også eit emne som det kan forskast vidare på. Det hadde vore interessant å sjå nærare på samanhengen mellom private foto av typen sjølvi, sett saman med snakkeskriving.

7.0 Avslutning

I denne undersøkinga ynskte eg å finne ut korleis ungdom skriv på Facebook og korleis dei grunnvala sine. Eg ynskte å finne ut om dei skriv dialekt fordi nynorsk var vanskeleg og/eller om dei var dårlege i norsk. Funna mine er nokså eintydige når det gjeld korleis ungdom skriv. Tre av fire brukar dialekt på sosiale medium, og Facebook skil seg ut saman med Snapchat, Instagram og SMS, medan elevane har andre skrivepraksisar på andre internettbasert kanalar. Hovudgrunngevinga respondentane gir for dialektbruken, som eg har døypt snakkeskriving, er nettopp «at det er slik eg snakkar». Ungdommane har altså eit ynske om å vere verbale - det er eit positivt val og ikkje ein konsekvens av dårleg dugleik i norsk. Gjennom måten dei skriv på og dessutan gjennom deling av private bilete, sit dei saman med kvarandre i ein virtuell sofa. Som eg var inne på tidlegare, trur eg dette med biletdeling er ein viktig underliggjande faktor. Deling av bilete er sentralt og spelar svært

tett saman med tekst i alle desse tre viktigaste kanalane for snakkeskriving: SMS, Snapchat og Facebook.

Ungdommane har ei avansert kodeveksling når dei skriv i ulike kanalar. Eigenskapar ved kanalen i seg sjølv og kven mottakaren/mottakarane er, er heilt sentralt. Brukarane av sosiale medium har i større eller mindre grad flytta delar av privatlivet sitt ut på Internett, og står i spagaten mellom det private og det offentlege. Då får vi også eit språk i spagaten.

Takk

Takk til elevane ved som har delteke i denne studien, og til rektorar og lærarar som har hjelpt til med gjennomføring.

Takk til rettleiarane Stephen J. Walton og Øystein Edvardsen Hide som har gitt kritisk motstand og god vind då eg trong det som mest.

Takk til familien: Tormod, Eir, Tora og Signy for stort tolmod og Mamma og Pappa for barnevakt.

Takk til min rause arbeidsgjevar Allkunne for stor fleksibilitet.

Takk til Stina Aasen Lødemel og Anders Aanes for innspel og språkvask.

Takk til kollegaene mine i Nynorsk kultursentrum som aldri vert lei av å diskutere språk.

Takk til Hjalmar Eiksund, Nynorsksenteret, for gode råd om metode og akutthjelp med Questback.

Takk til Jørn Harald Persson, Høgskulen i Volda, for hjelp med tabellar.

Og ikkje minst:

Takk, Ivar Aasen.

8.0 Litteraturliste

Anon. 1980. Lov om målbruk i offentlig teneste [Mållova].

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5> [lesedato 20.5.2014].

Anon. 2008. Stortingsmelding 35. *Mål og Mening*.

<http://www.regjeringen.no/nr/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-/4/3.html?id=519990>

[lesedato 15.1.2014].

Anon. 2010. Inviterer til nettdebatt om nynorskrettskriving .

<http://sprakrad.no/Toppmeny/Aktuelt/Inviterer-til-nettdebatt-om-nynorskrettskriving/>

[lesedato 10.1.2014].

Anon. 2012a. Kulturdepartementet. Vedtekter for Språkrådet, fastesette 5. desember 2012 :

<http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/>

[lesedato 10.6.2014].

Anon. 2012b. Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet

<http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Innstilling/>

[lesedato 10.7.2014].

Anon. 2012c. Ny rettskriving i nynorsk i 2012.

<https://sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/>

[lesedato 15.1.2014].

Anon. 2013a. Årsrapport Internettbruk 2013.

<https://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=1&cad=rja&uact=8&ved=0CB8QFjAA&url=http%3Aprosent3Aprosent2Fprosent2Fwww.tns-gallup.noprocent2Ftns-innsiktprosent2Farsrapport-Internettbruk-2013prosent3Fpidprosent3DTNS-Report->

[ct=8&ved=0CB8QFjAA&url=http%3Aprosent3Aprosent2Fprosent2Fwww.tns-gallup.noprocent2Ftns-innsiktprosent2Farsrapport-Internettbruk-2013prosent3Fpidprosent3DTNS-Report-](https://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=1&cad=rja&uact=8&ved=0CB8QFjAA&url=http%3Aprosent3Aprosent2Fprosent2Fwww.tns-gallup.noprocent2Ftns-innsiktprosent2Farsrapport-Internettbruk-2013prosent3Fpidprosent3DTNS-Report-)

- [ReportFile&ei=voYRVJeTJ6KfygP2IYJI&usg=AFQjCNFDnYgF06e0_7_M_rIqOrLExzNqo Q&sig2=u8HBrGRf9Ku5zcQB_t7D2g&bvm=bv.74894050,d.bGQ](#) [lesedato 10.6.2014].
- Anon. 2013b. Befolkning og areal i tettsteder. 1. januar 2013
<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/bef tett/aar/2014-07-01?fane=tabell&sort=nummer&tabell=188505> [lesedato 15.1.2014].
- Anon. 2013c. Elevar, etter elevens målform og fylke. 1. oktober 2013.
<http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utgrs/aar/2013-12-13?fane=tabell&sort=nummer&tabell=152675> [lesedato 15.1.2014].
- Anon. 2013d. Læringsresultater, standpunkt fellesfag.
<https://skoleporten.udir.no/rapportvisning.aspx?enhetsid=00&vurderingsomrade=11&underomrade=15&skoletype=1&skoletypemenuid=1> [lesedato 15.9.2014].
- Anon. 2013e. Utdanningsdirektoratet. Rammeverk 2013.
http://www.udir.no/Upload/larerplaner/lareplangrupper/RAMMEVERK_grf_2012.pdf?epslanguage=no [lesedato 16.9.2014].
- Anon. 2014a. The history of social networking. <http://www.digitaltrends.com/features/the-history-of-social-networking/> [lesedato 1.11.2014].
- Anon. 2014b. Forslag til kommuneprogram for Oslo Arbeiderparti 2015-2017.
http://oslo.arbeiderparti.no/-/page/show/Forslag-til-kommuneprogram-for-Oslo-Arbeiderparti-2015-2019?sandbox_id=192714 [lesedato 2.9.2014].
- Anon. 2014c. TNS Gallup, Forbruker & Media, eit utval statistikkar presentert på MedieNorge.no.
<http://www.medienorge.uib.no/statistikk/medium/avis/253> [lesedato 15.1.2014].
- Anon. 2014d. Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter sist melding. <http://www.regjeringen.no/nn/dep/smk/dokument/Melding-om-tilstanden-til->

- [rikt/Regjeringen-Erna-Solberg-16102013--/Melding-fra-Kongen-til- Stortinget-om-Noregs- rikes-tilstand-og-styring-i-tida-etter-siste- melding.html?id=768233](#)
[lesedato 15.1.2014].
- Anon. 2014e. Andel som har smarttelefon. <http://www.medienorge.uib.no/statistikk/medium/ikt/379>
[lesedato 1.11.2014].
- Anon. U.å.a. Brønnøysunds Avis - en tydelig og sprek 90-åring. <http://www.banett.no/kundesenter/>
[lesedato 2.9.2014].
- Anon. U.å.b. Internet History http://www.computerhistory.org/internet_history/ lesedato
10.10.2014].
- Bäckström, Anna Greggas. 2011. "Ja bare skrivar som e låter" En studie av en grupp
Närpesungdomars skriftpraktiker på dialekt med fokus på SMS. Doktoravhandling. Umeå
Universitet <http://umu.diva-portal.org/smash/record.jsf?pid=diva2%3A458455&dswid=8124>
[lesedato 10.6.2014].
- Burke, Peter. 1993. *The Art of Conversation*. Cambridge. Polity Press/Blackwell Publisher.
- Castells, Manuel. 2010. *The Rise of The Network Society*. Chichester. Wiley-Blackwell.
- De Vaus, David. 2007. *Surveys in social research*. London and New York. Routledge.
- Dyvik, Helge. Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning?
<http://folk.uib.no/hfohd/SLE/Dyvik/offnormer.pdf> [lesedato 3.11.2014].
- Eiksund, Hjalmar. 201. *Med nynorsk på leselista*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 27.
Volda. Høgskulen i Volda.
- Eriksen, Trond Berg. 2000. *Budbringerens overtak. Perspektiver på skriftkulturen*. Oslo.
Universitetsforlaget.

Fjeld, Ruth Vatvedt. 2004. Behovet for et større ordboksverk.

<http://sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/1/Ordboksverk/>

[lesedato 20.1.2014].

Flo, Idar [red.]. 2010. *Norsk Presses Historie 1660-2010*, IV. Oslo. Universitetsforlaget.

Fossbakken, Erlend. 2014. Facebook størst i Norge. <http://kampanje.com/archive/2014/04/facebook-storst-i-norge/> [lesedato 20.6.2014].

Garthus Kvåle, Karen Marie, 2009. *Målstreken. Rapport om språkskifte i Valdres*.

http://www.nm.no/filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres.pdf [lesedato 20.6.2014].

Grønmo, Sigmund. 2004. *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Bergen. Fagbokforlaget.

Gjefsen, Truls. 2013. Språklig eventyr.

<http://sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-42013/Spraklig-eventyr/>

[lesedato 20.6.2014].

Grepstad, Ottar. 2003. Eitt nynorskrike? Om regionalisering av nynorsken.

http://www.aasentunet.no/filestore/structured_upload/PDF_og_Flash/Talar_og_artiklar/61EAFCD25FB413C8DA39FC8068ECC42.pdf [lesedato 20.6.2014].

Grepstad, Ottar. 2006. *Viljen til språk*. Oslo. Det Norske Samlaget.

Grepstad, Ottar. 2010. Eit språk blir til. <http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=43&id=1072>

[lesedato 10.1.2014].

Grepstad, Ottar. 2012. Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012.

http://www.aasentunet.no/filestore/structured_upload/PDF_og_Flash/32216F4FE2C14B8CBBA62FE58BABBEC.pdf [lesedato 10.1.2014].

Grepstad, Ottar. 2013a. Mannen som fann eit språk.

http://www.festspela.no/filestore/Dei_nynorske_festspela/Eldre_Festspel/Festspela_2013/Talar_og_foredrag_2013/2013Aasen-statuen.pdf [lesedato 10.6.2014].

Grepstad, Ottar. 2013b. Ivar Aasen. <http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=63&id=1030>

[lesedato 10.1.2014].

Grepstad, Ottar. 2013c. *Historia om Ivar Aasen*, Oslo. Det Norske Samlaget.

Grepstad, Ottar. Dagen i dag. <http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=8&id=112>

[lesedato 9.9.2014].

Grønneberg, Anders. 2013. Hællæ! Er'e han Raymon som er blitt reddaktør nå æ?

http://www.dagbladet.no/2013/03/01/kultur/fredriksstad_blad/avis/journalistikk/dialekter/259

[94250/](http://www.dagbladet.no/2013/03/01/kultur/fredriksstad_blad/avis/journalistikk/dialekter/259) [lesedato 9.9.2014].

Habermas, Jürgen. 2006. Ein avantgardistischer Spürsinn für Relevanzen. Was den

Intellektuellen ausgezeichnet. Dankesrede bei der Entgegennahme des Bruno-Kreisky-

Preises. <http://www.renner->

[institut.at/fileadmin/user_upload/downloads/kreisky_preis/habermas2006-03-09.pdf](http://www.renner-institut.at/fileadmin/user_upload/downloads/kreisky_preis/habermas2006-03-09.pdf)

[lesedato 20.7.2014].

Hansen, Camilla Berg. 2014. Ro i sjelå. *Dagbladet Magasinextra* 11.01.2014. [lesedato 10.3.2014].

Haugen, Einar. 1975. Konstruksjon og rekonstruksjon i språkplanlegging: Ivar Aasens grammatikk.

I: Myhren, Magne, [red.]: *Ei bok om Ivar Aasen: Språkgranskaren og målreisaren*. Oslo. Det

Norske Samlaget. S. 159-184.

Haugen, Einar. 1967. *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian*. I

American Anthropologist, 1967, Vol.69(5). Cambridge, MA. Wiley. S. 544-545.

Haugen, Einar. 1969. *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo.

Universitetsforlaget.

Hole, Synnøve. 2014. Klagar på at politiet systematisk bryt norsk lov.

<http://www.nrk.no/mr/klagar-pa-at-politiet-bryt-lova-1.11920337> [lesedato 1.11.2014].

- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk målsoga*. Bergen. John Grieg.
- Isdal, Åshild. 2009. Om skriftlige praksisformer på nettstedet Facebook. Unpubl. masteroppgåve. NTNU. Trondheim.
- Juuhl, Gudrun Kløve. 2014. *I det mykje skrivne*. Doktoravhandling. Universitetet i Oslo.
https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/37794/phd_preprint.pdf?sequence=7&isAllowed=y [lesedato 10.8.2014].
- Kimell, Julia. 2013. Jo häjjo, ha du vari å fiska någi åå då? Åläanningars dialekt och identitetsskapande på Facebook, i e-post och i SMS-meddelanden». Unpubl. masteroppgåve. Uppsala universitet.
<http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:628198/FULLTEXT01.pdf> [lesedato 10.6.2014].
- Kiss, Jemima, 2014. Facebook's 10th birthday: from college dorm to 1.23 billion users
<http://www.theguardian.com/technology/2014/feb/04/facebook-10-years-mark-zuckerberg>
[lesedato 1.11.2014].
- Lie, Svein. 2010. Standardtalemålet- finst det? <http://folk.uio.no/slie/standard10.pdf>
[lesedato 2.11.2014].
- Martin, Aller. 2006. A European framework for digital literacy.
http://www.idunn.no/ts/dk/2006/02/a_european_framework_for_digital_literacy
[lesedato 4.11.2014].
- Maslow, Abraham H. 1954. *Motivation and personality*. New York. Harper&Row Publishers.
- McLuhan, Marshall. 1962. *The Gutenberg Galaxy*. Toronto. University of Toronto Press.
- McLuhan, Marshall. 1964. *Understanding Media: The Extensions of Man*. London. Routledge.
- McLuhan, Marshall. 1997. *Mennesket og media*. Oslo. Pax Forlag.
- Mæhlum, Brit. 2008. Språk og identitet. I: Mæhlum, Akselberg, Røynealand og Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo. Cappelen forlag. S.105-126.

- Otnes, Hildegunn. 2007. *Følge med og følge opp. Verbalspråklig lyttemarkering i synkrone nettsamtaler*. Doktoravhandling. <http://ntnu.diva-portal.org/smash/get/diva2:122409/FULLTEXT01>
- Phillips, Sarah. 2007. A brief history of Facebook. <http://www.theguardian.com/technology/2007/jul/25/media.newmedia> [lesedato 20.5.2014].
- Platon, 1981. *Faidros. Ion*. Oslo. H. Aschehoug & Co.
- Rheingold, Howard: *Virtual Communities*. E-bok: <http://www.rheingold.com/vc/book/2.html> [lesedato 20.5.2014].
- Rommetveit, Ragnar. 1999. Om dialogisme og vitenskapelig disiplinert diskurs- og samtaleanalyse. Dialog som kommunikasjons- og samlivsform. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 17, hefte 1. S.15- 40.
- Røed, Kjetil. 2014. *Dislike*. Oslo. Flamme forlag.
- Røyneland, Unn. 2009. Dialects in Norway: catching up with the rest of Europe? *International Journal of the Sociology of Language*. <http://folk.uio.no/unnr/Dialectsprosent20inprosent20Norway.pdf>
- Salia, Rachel. 2011. *Between Arabic and French Lies the Dialect. Moroccan Code-Weaving on Facebook*. Upubl. masteroppgåve. Columbia University. New York.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. Oslo. Novus forlag.
- Sennett, Richard. 1992. *Intimitetstyranniet*. Oslo. J.W. Cappelens forlag.
- Skog, Berit. 2009. Språket på Facebook . <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraknytt-12009/Spraket-pa-Facebook/> [lesedato 15.1.2014].

Torp, Arne. 2002. Skandinavisten Knud Knudsen.

<http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt->

[22012/Skandinavisten-Knud-Knudsen/](http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-22012/Skandinavisten-Knud-Knudsen/) [lesedato 3.11.2014].

Utne, Ivar. 2002. Nettspråket. I: Johansen, Egil Børre [red.]: *Vårt eget språk*, Oslo. Aschehoug. S. 170-191.

Venås, Kjell. 1977. Om høvet mellom dialekt og normaltalemål (skriftmål) i skulen. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 61.

Vigeland, Bjørn. 1995. *Norske dialekter. Oversyn, heimfesting og normalisering*. Oslo. Universitetsforlaget.

Vikør, Lars S. 2004. *Dialekter som skriftspråk i tre norske distrikt*. Oslo. Novus Forlag.

Vikør, Lars S. 2007. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo. Novus forlag.

Walton, Stephen John. 2006. Språkleg normalitet. I: Thomas Hylland Eriksen og Jan Kåre Breivik [red.]: *Normalitet*. Oslo. Universitetsforlaget. S. 203-225.

Wittgenstein, Ludwig. 1953. *Filosofiske undersøkelser*. §43. Oslo. De norske bokklubbene.

Aanes, Anders. 2011. *Forvirring eller frigjering? Didaktikk og valfridom i nynorsk. Ei gransking av kjennskap og haldningar til valfridom ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal*.

Masteroppgåve. *Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet*. Nr. 28. Volda. Høgskulen i Volda

Aasen, Ivar. 2007. *Om vort Skriftsprog* (1836), til nynorsk ved Ottar Grepstad.

http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-

[tunet/Ivar_Aasen/Dikt_og_verk/Sentrale_verk/647F60E05F51498793A5E79EAE72EDB5.pdf](http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-)

Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af Landsmaalet i Norge*, Elektronisk utgåve. Oslo. Det Norske Samlaget.

Munnlege kjelder

Lomheim, Sylfest, professor. Førelsing Høgskulen i Volda, 2013

Moring, Tom, professor i journalistikk og kommunikasjon, Helsingfors Universitet. Førelsing i

Helsingfors, april 2014

Tollonen, Kristian, forskningssjef i NRK. Presentasjon for NRK- styret, august 2014

Plater

Aleksandersen, Åge. 1975. *Æ e trønder æ*. Plateselskapet Polydor.

Prøysen, Alf. 1951. *Sønnavindsvalsen* . Plateselskapet Columbia.

Side Brok. 2009. *Skjemde*. Ugitt på plata *Ekte Menn*. Plateselskap PinaDgreitt.

VEDLEGG:

Meldeskjema til Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste

Tilbakemelding og godkjenning NSD Personvernombudet for forskning

Tabellar